

JOINA DU KINO IMÅRGÅ?

UNGDOMMARS DIALEKTSKRIVING PÅ SOSIALE MEDIUM

UNN RØYNELAND¹ & ØYSTEIN A. VANGSNES^{2,3}

¹*Universitetet i Oslo/MultiLing*

²*UiT Noregs arktiske universitet*

³*Høgskulen på Vestlandet*

SAMANDRAG

Sosiale medium utfordrar det tradisjonelle skiljet mellom normert og standardisert skriftspråk og inviterer til kreativ og refleksiv språkbruk. For mange norske ungdommar er det vanleg å ta i bruk trekk frå eit breitt språkleg repertoar – inkludert dialekttrekk og andre unormerte trekk – i private samanhengar på sosiale medium. I denne artikkelen presenterer vi data frå fire utvalde stader i ei større landsdekkande undersøking av multilektale praksisar på sosiale medium blant ungdommar på vidaregåande skule. Dei utvalde stadene ligg i Lofoten, på Nordmøre og Sunnmøre og i Nord-Gudbrandsdalen. På grunnlag av korte tekstar skrivne i ulike tenkte situasjonar med ulike førestilte publikum ser vi at ungdommane jamt over skriv svært forskjellig i til dømes ei melding til ein ven samanlikna med ei melding til læraren. I den første ytringssituasjonen er det typisk eit høgt innslag av dialektale trekk og andre brot mot skriftspråksnormene, medan det i den andre er langt meir vanleg å bruke standard skriftspråk. Val av plattform for dei ulike ytringssituasjonane ser også ut til å påverke valet av skriftleg kode: Meldingar til lærar på SMS eller Snapchat inneheld gjerne fleire brot på standardspråklege normer enn slike meldingar sende gjennom skulens offisielle læringsplattform. For kvart område vurderer vi også dialektskrivinga opp mot kjende trekk ved den lokale og regionale dialekten. Vi ser at ikkje alle talemålstrekk får eit skriftlig uttrykk, noko som i visse tilfelle nok speglar talemålsutviklinga i området. I vår tolking har ungdommane ei sær sars fleksibel tilnærming til val av skriftlege kodar og evnar å tilpasse seg ulike situasjonar og ulike språkmarknader.

[1] INNLEIING

Internasjonale studiar av språklege praksisar på sosiale medium viser at både unge og eldre tek i bruk eit breitt språkleg repertoar i den digitale kommunikasjonen sin (Androutsopoulos 2015; Deumert 2014; Cutler & Røyneland 2018;

Sebba 2007; Stæhr 2014; Thurlow & Mroczek 2011). Den nye digitale teknologien opnar opp for kreative, refleksive og sjølvmedvitne måtar å bruke språk på, der folk kan ta i bruk språklege ressursar til å markere så vel lokale som trans-lokale orienteringar, markere haldningar, identitetstilknytningar og ideologiske overtydingar. Normene for språkbruk er i mange tilfelle flytande og blir forhandla lokalt. For eksempel er bruk av dialektformer, forkortingar og uttrykksikon (emotikon) heilt vanlege og forventa i visse samanhengar, medan standard ortografi og teiknsetjing ville verke markerte og avvikande. Samtidig blir språkbruk som bryt med skriftspråklege eller talespråklege standardar, ofte gjenstand for debattar der skarpe ideologiske motsetningar kjem til uttrykk. Dei nye digitale media er såleis arenaer der det heteroglossiske potensialet ved språk og språktrekk blir sett i spel. Vi finn standardspråkelege korrektheitsideal og purisme på den eine sida og intenderte, kreative brot med standardspråkelege ideal på den andre.

Til no finst det relativt sett lite forskning i norsk samheng på bruk av dialekt i den digitale sfæren, men dei undersøkingane som har vorte gjorde, tyder på at bruk av talemålsprega former er relativt vanlege i privat skriftleg kommunikasjon i Noreg (t.d. Bakkevoll 2019; Evjen 2011; Folkvord 2020; Rotevatn 2014; Røyneland 2018; Vangsnæs 2019). I omfang viser fenomenet både geografisk og aldersmessig variasjon (Opinion 2016; Vangsnæs 2019): Den rapporterte dialekt-skrivinga ser ut til å vere meir vanleg i Nord-Noreg, Trøndelag og på Vestlandet og mindre vanleg på Austlandet og Sørlandet, og det er også meir vanleg blant yngre enn blant eldre skrivarar.

Det norske språklandskapet er spesielt ikkje berre ved at dialektane har relativt høg status og at spørsmålet om standartalespråk er omstridt, men også ved at vi har to skriftspråksnormer, bokmål og nynorsk, som begge inneheld stor grad av variasjon. Dei to skriftspråksnormene har gjennomgått mange endringar dei siste hundre åra (sist i 2005 og 2012). Konvensjonane for kva som er “korrekt” norsk skriftspråk, har såleis vore skiftande, og normene er relativt vide. Elevar blir eksponerte for eit vidt spekter av skriftspråkskonvensjonar, og granskingar har vist at særleg elevar med nynorsk som hovudmål har mange normavvik – både på ordnivå og i bøyingsverket – i hovudmålstekstane sine (jf. t.d. Bjørhusdal & Juuhl 2017; Eiksund 2015, 2020; Rødningen 1999; Sønnesyn 2020). Granskingane viser at avvika dels kan forklarast som talemålsnær skrivning og dels som påverknad frå bokmål (Eiksund 2020, s. 32).

I denne artikkelen skal vi leggje fram og diskutere nokre resultat frå den pågåande undersøkinga vår av skrivepraksisar blant norske ungdommar kalla *Multilektale praksisar på sosiale medium* (MPSM). I alt har 1532 elevar på vidaregåande skular over heile landet svart på eit anonymt nettbasert spørjeskjema om både

munntleg og skriftleg språk- og dialektbruk, og dei har òg fått i oppgåve å skrive korte meldingar til ulike førestilte mottakarar på ulike tenkte plattformer, både private og meir formelle.

Fokuset vårt vil liggje nettopp på *korleis* ungdommane skriv når dei skriv “på dialekt”. Kva for talemålstrekk vert markerte og kva for nokre vert det ikkje? På kva måte vert dialekttrekk brukte og til kva for føremål? Vi er òg interesserte i å sjå på kva for standardspråklege konvensjonar som blir med inn i dei talemålsnære tekstane. Delmaterialet som vert analysert her, er henta frå fire rurale stader i dei fire hovudområda i det norske dialektlandskapet (jf. inndelinga i Mæhlum & Røyneland 2012): Lofoten (nordnorsk), Surnadal på Nordmøre (trøndersk), Sykkylven på Sunnmøre (vestnorsk), Nord-Gudbrandsdalen (austnorsk). I gjennomgangen vår av den talemålsnære skrivinga til ungdommane kjem vi til å halde henne opp mot velkjende, tradisjonelle målmerke ved dialektane på dei ulike stadene, og som samanlikningsgrunnlag for dataa våre vil vi i somme tilfelle sjå på data frå *Nordisk dialektkorpus* (heretter ‘NDK’) som inneheld talemålsopptak samla inn i perioden 2005–2010 (Johannessen et al. 2009; Johannessen et al. 2014; Vangsnes & Johannessen 2019).

[2] DATA, METODE OG TEORI

[2.1] *Språklege praksisar på sosiale medium*

Datamaterialet i denne artikkelen er henta frå prosjektet *Multilektale praksisar på sosiale medium* (MPSM).¹ Det innsamla materialet omfattar respons på eit digitalt spørjeskjema frå 1532 elevar ved vidaregåande skular i heile landet. Elevane fordeler seg på 42 vidaregåande skular i 36 kommunar. Talet på deltakarar i dei ulike geografiske områda er, som det går fram i tabell 1 nedanfor, noko ujamn. Vi har klart flest respondentar frå Austlandet, medan talet på respondentar er lågast frå trøndelagsregionen. Vi har særleg mange respondentar frå Oslo og tidlegare Akershus fylke (426), som jo er eit folkerikt område. I denne artikkelen vil vi bruke delar av dette omfattande materialet for å illustrere den varierte og heteroglossiske språklege praksisen vi finn blant unge på sosiale medium. Det vi er særleg interesserte i å kartleggje og diskutere, er korleis dialekt eller dialekttrekk blir brukte av unge menneske i ulike delar av landet. Dei fire skulane vi har plukka ut for å granske eventuell dialektbruk, ligg i kvart av dei fire hovudområda i det norske dialektlandskapet, og talet på deltakarar frå desse varierer frå rundt 20 til 50 (jf. tabell 1).

[1] Prosjektet er initiert av Unn Røyneland og Øystein A. Vangsnes. Mari J. Wikhaug Andersen har vore vitenskapleg assistent på prosjektet.

Område	Elevar	Utval	Elevar
Nordnorsk	197	Lofoten	22
Trøndersk	99	Nordmøre	22
Vestnorsk	446	Sunnmøre	50
Austnorsk	790	Nord-Gudbrandsdalen	32
Totalsum	1532		126

TABELL 1: Fordeling av respondentar på område i hovud- og delmaterialet

Studiar frå Tyskland har vist at ‘dialektskriving’ kan variere frå bruk av nokre få emblematiske dialektmarkørar med høg indeksikalsk verdi – vere seg enkeltord, særskilde dialektuttrykk eller grammatiske trekk – til ein meir eller mindre ortofon representasjon av dialekten (Androutsopoulos 2013). Korleis er dette i den norske konteksten? Kva for trekk blir markerte og kva for trekk blir ikkje markerte og kvifor? Er det å “skrive dialekt” einstydande med å markere nokre få emblematiske trekk, eller inneber det å markere både grammatiske og lydlege trekk? Med andre ord: Kor *emblematiske* eller *ortofon* er den dialektskrivinga vi møter i Noreg? Vi er òg interesserte i å sjå på kva for talespråksnære trekk meir generelt som blir markerte (som t.d. forlenging av bokstavar for å markere stemmolum og/eller emosjonar ‘juhuuuu’, ‘fiiiiint’), og kva for standardspråklege konvensjonar som blir med inn i dei talemålsnære tekstane. Held skivarane til dømes på stumme konsonantar og andre konvensjonar der det i standardspråket er eit misforhold mellom skrift og uttale?

Vi vil også kartlegge kven som brukar dialekttrekk, til kva for formål, i kva for samanhengar og til kva for mottakarar. Er det til dømes slik at ulike digitale plattformer og ulike mottakarar utløyser ulike språklege val? For å få svar på desse spørsmåla utvikla vi eit digitalt spørjeskjema som blant anna inneheld fire tekstoppgåver der elevane blir bedne om å skrive slik dei ville ha skrive ulike type meldingar til ulike mottakarar på ulike plattformer (sjå Wiese 2020 for ein liknande metode). I dei to første oppgåvene bad vi også elevane om å oppgi kva for app eller sosial plattform dei ville ha brukt til å skrive ei slik melding. Det å samle inn data ved å etablere slike tenkte sosiale situasjonar, representerer ein etisk forsvarleg måte å samle inn prøver på korleis ungdommane skriv, og det mogleggjer kvalitative undersøkingar av dei presumptivt talemålsnære skrivepraksisane, sjølv om ein ikkje får innblikk i korleis faktiske dialogar utspelar seg eller korleis eventuelle normforhandlingar føregår. Ytringane kan få ein meir performativ karakter slik at vi moglegvis får ei opphoping av ikkje-standard-språklege trekk samanlikna med ‘ekte’ dialogisk skiving hos enkelte eller det motsette, altså meir standardnær skiving, hos andre gitt testsituasjonen. Når

det er sagt, er mykje digital kommunikasjon nettopp kjenneteikna av å vere performativ og sjølvrefleksiv. Det er gjerne ei auka merksemd mot språket sjølv, sidan det er eit mål å syne fram ferdigheiter og kreativitet, og det er ein auka metaspråkleg og metapragmatisk refleksivitet (jf. Androutsopoulos 2011; Deumert & Lexander 2013). Tekstoppgåvene gir innblikk i korleis ungdommane *meiner* dei ville ha skrive og dermed i deira ideal for digital skriving. Dei fire tekstoppgåvene i nettskjemaet er som følger:

- (i) Skriv en melding til en god venn der du spør om dere skal dra på kino i morgen. Angi klokkeslett og hvor dere skal møtes. (Angi app/plattform) (“*kinoinvitasjon*”)
- (ii) Skriv en melding til læreren din der du gir beskjed om du ikke kommer på skolen fordi du har blitt syk. Fortell hvor lenge du tror du blir borte. (Angi app/plattform) (“*lærarmelding*”)
- (iii) Skriv en oppdatering på Facebook/Instagram/Snapchat om at familien din har fått et kjæledyr og hva du føler om det. (“*nytt kjæledyr*”)
- (iv) Tenk deg at du skal opprette en anonym profil på et diskusjonsforum. Presenter deg kort og beskriv hvilke hobbyer og interesser du har. (“*diskusjonsforum*”)

Nedanfor vil vi referere til dei ulike oppgåvene med namna som står i parentes. I tillegg til desse tekstoppgåvene, bad vi også elevane om opplysningar om (i) (fleir)språkleg kompetanse og praksis, (ii) sjølvrapportert munnleg og skriftleg språkbruk i ulike kontekstar, (iii) sjølvrapportert språkval på ulike sosiale medieplattformer. Når det gjeld sjølvrapportert munnleg praksis, vart dei bedne om å skrive om kva dei brukar i heimen, med venner og på skulen. Det var ikkje avkryssingsboksar, men opne tekstfelt der dei kunne skrive meir utfyllande. Dette vart valt for å få inn mest mogleg informasjon om den eigenrapporterte munnlege praksisen. Mange av elevane skriv svært utfyllande om ulike blandings- og vekslingspraksisar her. Til sist i nettskjemaet bad vi elevane om å reagere på eit sett med påstandar om språk- og dialektbruk generelt på fem-punkts Likert-skalaer for å kunne seie noko – om enn overflatisk – om haldningar til ulike munnlege og skriftlege praksisar. Eksempelvis var elevane presenterte for (presumptivt provoserande) påstandar som: “Personer som snakker dialekt virker mindre intelligente”, “Det hadde vært best om alle i Norge snakket engelsk”, “Innvandrere bør ikke lære dialekt”. Vi kjem ikkje til å gå vidare inn på denne

delen av materialet i denne artikkelen, men vil referere til dei rapporterte munnlege og skriftlege praksisane.

Når vi ser på heile det innsamla MPSM-materialet (n=1532), er Snapchat det sosiale mediet som blir brukt av aller flest elevar (94 %), tett følgt av Instagram (86,6 %), YouTube (79 %), Messenger (75,5 %) og SMS (70,3 %). Melding til venner på Snapchat, Messenger og SMS er – ikkje overraskande – dei sosiale plattformene der aller flest oppgir at dei vil skrive dialekt/dialektnært (45,4 %), og også der aller flest seier dei vil blande ulike språk og/eller dialektar (49,5 %). Det er med andre ord her vi har grunn til å vente aller mest variert, kreativ og ikkje-standardisert språkbruk. Motsett er e-post med jobbsøknad og melding til lærar på digitale læringsplattformer som Itslearning og Fronter dei media der flest oppgir at dei vil bruke standardspråk, og svært få (høvesvis 2 % og 10,5 %) seier at dei ville bruke dialektale trekk.

[2.2] Koding av materialet

Responsane til dei ulike tekstoppgåvene har vorte koda etter kva for trekk dei inneheld: dialektale trekk, multietnolektiske trekk, allmenne talespråklege trekk, slang, forkortingar, samantrekningar, forlengingar, uttrykksikon (emotikon), standardspråklege trekk frå bokmål og nynorsk, trekk frå engelsk og trekk frå andre språk. Mange av ytringane inneheld fleire av desse trekka samstundes. Døme på korleis ytringar har vorte plasserte i ulike kategoriar, finn vi i tabell 2:

Kategori	Døme
Dialekt	ska åss på kino imårgå æill guth? træffast uttafårr kinon klukka 5. (Nord-Gudbrandsdalen)
Bokmål	Hei, jeg kommer ikke på skolen i dag grunnet at jeg er syk. Jeg blir borte i 2 dager. (Nord-Gudbrandsdalen)
Nynorsk	Hei Jørn ☐ Eg kjem ikkje på skulen imorgon fordi eg har blitt sjuk. Eg reknar med eg blir borte til fredag. (Sunnmøre)
N/A	Nytt familiemedlem! Fantastisk med ny hund. (Sunnmøre)
Veksling	A new member in the house:) Et av det beste som har skjedd med livet. Vi har fått en katt i hus, har gledd mej veldig lenge og endelig har vi en katt. Velkommen til hus Viny:::)) (Sunnmøre)

TABELL 2: Døme på koding i ulike kategoriar

Sidan vi i denne delstudien er mest interesserte i dialektale trekk – og forholdet mellom primært dialektprega og standardprega ytringar – har vi koda delmaterialet etter dei overordna kategoriane ‘dialekt’, ‘bokmål’, og ‘nynorsk’. Det at ei ytring får t.d. koden ‘dialekt’, tyder ikkje at absolutt alle orda i ytringa er skrivne

på dialekt, men at ytringa primært synest talemålsnær og dialektprega. Motsett kan ytringar som er koda 'bokmål' eller 'nynorsk', også innehalde enkelte avvik frå standard rettskriving, som forkortingar, slang og talespråksnære trekk. Ytringane har likevel først og fremst eit standardspråkleg preg ved at dei i hovudsak held seg til standard ortografi og teiknsetjing. Standardspråklege ytringar som inneheld nokre få avvik frå standardnorma, har vorte merka med stjerne (*). Enkelte ytringar kan vere vanskelege å plassere i ein bestemt kategori anten fordi dei inneheld for lite tekst eller fordi det er formsamanfall mellom ulike språkvarietetar. I desse tilfella har vi koda ytringa som 'N/A'. I andre tilfelle inneheld ytringa så mykje blanding/veksling mellom ulike varietetar av norsk (bokmål, nynorsk, dialekt) og/eller engelsk at dei er umoglege å plassere. Desse ytringane har fått koden 'veksling'. Ein analyse av all den vekslinga og blandinga som føregår i meldingane, ville i seg sjølv ha vore særst interessant, men det ligg utanfor ramma for denne artikkelen og vil såleis ikkje bli analysert vidare her.

[2.3] Teoretisk tilnærming

Skriving på digitale, sosiale medium har blitt referert til som "chatspeak" (Androusooulos 2011) eller "digital orality" (Soffer 2010) sidan skriving på sosiale medium typisk inneheld trekk frå både tradisjonell synkron (tale) og asynkron (skrift) kommunikasjon (Evjen 2011, s. 105). Slik skriving er som regel meir munnleg og visuell (ikonisk) i stilen enn tradisjonelle skriftspråksformer, og det er difor å vente at skriving på sosiale medium i den norske konteksten vil gravitere mot *dialekt* sidan den munnlege talespråkpraksisen til svært mange i Noreg nettopp er dialektal. I motsetnad til det som er praksis i svært mange andre delar av Europa og verda elles, blir dialekt brukt i både uformelle og formelle samanhengar i Noreg, og det blir brukt av folk i alle samfunnslag. Diglossi, det vil seie veksling mellom eit formelt høgspråk og eit uformelt lågspråk, førekjem heller sjeldan, og ein heller ikkje har eit allment anerkjent eller vedteke standardtalspråk (sjå t.d. Røyneland 2009; Sandøy 2011).

Folk i Noreg vil likevel, som andre stader, tilpasse språkbruken sin etter kven dei kommuniserer med, kva dei snakkar om og kva for kontekst dei er i. Det vel-etablerte omgrepet 'audience design', først introdusert av Bell (1984), er eit fenomen som er grundig dokumentert i sosiolingvistikken og sosialpsykologien. Ifølgje Bell (1984, 2009) gir 'ikkje-adressat-faktorar' som tema og kontekst ein effekt indirekte via den assosiasjonen dei har med typiske typar av tilhøyrarar. Overført til digitale medium vil ein då kunne anta at type plattform vil vere assosiert med ulike type adressatar og at det vil knyte seg ulike konvensjonar og språkbruksforventningar til ulike plattformer. Dersom ein til dømes skriv ei melding på Snapchat, vil ein ha ein viss type adressat i tankane. Stilen er gjerne

uformell, og ein vender seg typisk til nokon ein kjenner relativt godt.

Tidlegare forskning har vist at skriving på sosiale medium har opna opp for å bruke trekk frå ulike språk, dialektar, stilar og register som ikkje har nokon skriven standard, og det har på den måten gitt nye bruksdomene for hittil marginaliserte trekk og kodar (Cutler & Røyneland 2018; Deumert & Lexander 2013; hooks 1989; Sebba 2007). Skriving på dialekt har eksistert i Noreg også før skrivinga vart digital, men med sosiale medium har dialektskrivinga fått nye og utvida arenaer. På desse arenaene er det også ope for forhandling av normer for korleis ein skal/kan skrive dialekt og ikkje minst for forhandling om kva den sosial tydinga av dialektskriving er, eller med andre ord kva den indekserer (Johnstone & Kiesling 2008).

Både munnleg og skriftleg språk og språktrekk blir knytt til eit sett med verdiar, ideologiar, sosiale grupper og geografiske stader. Som diskutert i Woolard (2016) blir dialekt gjerne kopla til det nære, lokale og autentiske, medan standardspråk typisk vert assosiert med formalitet og vert tillagt autoritet fordi det *ikkje* tilhøyrer ein bestemt lokalitet, men er overregionalt. Språkleg autoritet kan ifølgje Woolard (2016, s. 7) anten ligge i *autentisiteten* eller *anonymiteten* til ein varietet. Ifølgje autentisitetensideologien ligg verdien og legitimiteten til ein varietet i kor sosialt og geografisk rotfesta varietetten – og dei som brukar han – er. Motsett får standardspråk sin autoritet ved at det er anonymt, ved at det i teorien ikkje høyrer til ein bestemt plass eller ei bestemt sosial gruppe. Medan dialekt representerer stemma “from somewhere”, representerer standarden den nøytrale stemma “from nowhere” (Woolard 2016, s. 21, 25).

Ei gransking av språk- og identitetsforhandling i eit kommentarfelt på YouTube viser at bruk av dialekt kan ha stikk motsett indeksikalitet for ulike grupper og i ulike samanhengar (Røyneland 2018). Der dialekt for enkelte kan indekserere nærleik, emosjonelt engasjement, lokal identitet og autentisitet, og dermed borge for lokal autoritet, kan det for andre indekserer periferi og insularitet, og dermed manglande overregional autoritet. Publikum og – ikkje minst – tema for det som blir skriva, vil med det vere avgjerande for korleis bruk av dialekttrekk blir oppfatta og såleis ein viktig del av dei språklege produksjonsvilkåra (Bourdieu 1991). Ifølgje Bourdieu er all språkbruk ein del av kvardagslivets økonomi. På den lingvistiske marknaden blir språkbruk, som andre varer på andre marknader, vurdert med omsyn til verdi, investering, profitt og kapital.

[...] the conditions of the reception envisaged are part of the conditions of production, and anticipation of the sanctions of the market helps to determine the production of the discourse. This anticipation, which bears no resemblance to a conscious calculation, is an aspect of the linguistic habitus which, being the product of a

prolonged and primordial relation to the laws of a certain market, tends to function as a practical sense of the acceptability, and the probable value of one's own linguistic productions and those of others on different markets. (Bourdieu 1991, s. 76f)

Forventa mottaking er altså ein viktig del av dei språklege produksjonsvilkåra, og dei forventa marknadssanksjonane er med på å bestemme dei språkvala vi til kvar tid gjer. Denne kalkuleringa av ulike marknader går oftast føre seg på eit meir eller mindre umedvite og automatisert nivå, og er basert på dei erfaringane vi har med ulike marknader med omsyn til akseptabilitet, verdi og status. Mot denne bakgrunnen skal vi no ta for oss materiale frå dei fire utvalde stadene i undersøkinga vår.

[3] RESULTAT OG ANALYSE

[3.1] Lofoten


Deltakarane

Materialet frå Lofoten omfattar 22 elevar ved Vest-Lofoten videregående skole på Leknes: ni jenter, tolv gutar og ein som ikkje oppgir kjønn. Ti av deltakarane går på idrettsfag, ti på elektrofag og to tek studiespesialisering. Alle har bokmål som hovudmål. Dei fleste av dei høyrer heime i Vestvågøy kommune og nokre få i andre kommunar i Lofoten (Vågan, Flakstad, Moskenes).² Fem av elevane oppgir at dei har andre morsmål enn eller i tillegg til norsk (arabisk, fransk, litauisk, polsk). Dei fleste elevane oppgir at dei kan tre språk og at dei brukar norsk og engelsk dagleg, og somme også eit anna morsmål. Ein deltakar har svart ufullstendig og er difor ikkje med i oversiktene nedanfor. Av dei 21 som då er att, er det 14 som tydeleg indikerer at dei snakkar det dei kallar anten “lofotdialekt” eller “nordlandsk nordnorsk”. Alle desse 14 har i oppgåva *kinoinvitasjon* produsert ein tekst som er tydeleg dialektprega. Eit døme er gitt i (1).

- (1) Hei *kallenavn*. Lura på om du kanskje vil vær me på kino sammens me mæ å et par andre stökka kl 19:30 imårra. Vi blir sekkert te å stå ræt utfør inngangen å vent på dæ ves du blir me.

Blant dei sju andre elevane er det tre som ikkje har norsk som morsmål, og fire som opplyser at dei snakkar andre norske dialektar enn lofotmål. Frå desse er det berre tre som produserer dialektprega ytringar i oppgåva “kinoinvitasjon”.

[2] Vestvågøy kommune har om lag 11 400 innbyggjarar medan heile Lofoten samla har om lag 25 000 innbyggjarar (SSB 2020).



FIGUR 1: Matrise for språkval i ulike skriftlege kontekstar, Lofoten (n=21). Blå=BM, gul=dialekt, oransje=veksling/anna språk, grøn=uklar kode. Grå=jente, kvit=gut. (*)=enkelte brot på rettskrivingsnorma.

Matrisa i Figur 1 viser kodeval i dei fire oppgåvene for dei 21 deltakarane frå Lofoten. Dei første 14 i deltakarrekka er dei som har oppgitt at dei snakkar lofotmål/nordlending medan 15-21 er dei andre sju med annan dialekt- eller språkbakgrunn. Blå farge markerer bokmål, gul farge dialekt, oransje farge veksling eller anna språk, og grøn farge markerer at koden ikkje kan avgjerast anten på grunn av isomorfi eller manglande informasjon. Grå bakgrunn på deltakarnummer markerer at det er ei jente. Teiknet “*” markerer at det er enkelte innslag av dialektord eller slang i ei elles standardspråkleg ytring.

Som vi ser av matrisa, er det berre to som har brukt dialekt i den tenkte fråværmeldinga til læraren – alle andre har skrive på normert bokmål. Oppgåvene “nytt kjæledyr” og “diskusjonsforum” plasserer seg mellom “kinoinvitasjon” og “lærarmelding” med tanke på omfanget av dialektytringar. Til kinoinvitasjonen ville dei aller fleste ha nytta Snapchat, og nokre nemner også Messenger eller tekstmelding. Til lærarmeldinga ville dei aller fleste ha nytta skulen sine offisielle lærings- og kommunikasjonsplattformer (Itslearning og iSkole), men nokre nemner også tekstmelding og Messenger.

Tabell 3 summerer opp språkvalet med samla prosentfordeling for heile materialet. Vi ser altså at medan det er 80 prosent ytringar med tydeleg dialektpreg i “kinoinvitasjon”, er det 90 prosent primært standardspråklege (bokmål) ytringar i “lærarmelding”.

Språkval	Kino- invitasjon	Nytt kjæledyr	Diskusjons- forum	Lærar- melding
Dialekt	80,1 % (17)	33,3 % (7)	14,3 % (3)	9,5% (2)
Bokmål	14,3 % (3)	28,6 % (6)	52,3 % (11)	90,5 % (19)
N/A	4,8 % (1)	33,3 % (7)	33,3 % (7)	-
Veksling	-	4,8 % (1)	-	-

TABELL 3: Prosentvis fordeling av kodeval i ulike kontekstar, Lofoten (n=21)

Skriftleg lofotmål i undersøkinga

Sentrale tradisjonelle talemålstrekk ved lofotmål er (i) høgtone, (ii) utstrakt apokope i verb (Christiansen 1996), (iii) lågning av fremre vokalar (Hansen 1996, s. 123, Mæhlum & Røyneland 2012, s. 111), (iv) endinga *-a* i presens av svake verb klasse 1 (“*kasta*-klassen”) (til skilnad frå dialektar lenger nord i Troms som har *-e*, jf. Jahr & Skare 1996, s. 60f), (v) inga ending i presens av sterke verb, (vi) palatalisering av lange alveolarar (*ll* og *nn*) (Mæhlum & Røyneland 2012, s. 110f), (vii) pronomenformene *e(g)*, *me(g)*, *de(g)*, *se(g)* (Jahr & Skare 1996, kart s. 37³).

Samla sett er det stort innslag av dialektvariantar i materialet frå Lofoten. Når vi konsentrerer oss om ytringane i oppgåva “lærarmelding” frå dei 14 som oppgir lofotmål/nordlending som eigen dialekt, er det til dømes gjennomført apokope på verba, både i infinitiv og preteritum. I (1) (gjenteke her) og (2) ser vi døme på slike apokoperte verbformer: *vær*, *vent*, *finn* (infinitiv); *Tænkt*, *kunn* (preteritum).

- (1) Hei *kallenavn*. Lura på om du kanskje vil vær me på kino sammens me mæ å et par andre støkka kl 19:30 imårra. Vi blir sekkert te å stå ræt utfør inngangen å vent på dæ ves du blir me.
- (2) Hallais, ka han gjær? Gira på å finn på nåkka i mårra? Tænkt at vi kunn møtes på kinoen 7 tia :)

Vi har her òg fleire døme på presens med *-a* i svake verb klasse 1 i materialet (*starta*, *Lura*, *Joina*), og apokoperte presensformer som *begynn* og *gjær* av uregelrette verb er i tråd med den lokale dialekten. Ytringane i oppgåva “lærarmelding” inneheld ingen døme som viser at sterke verb ikkje har ending i presens, men i eit svar på oppgåva “diskusjonsforum”, finn me dømet *driv* i ytringa “... eg driv på mæ handball.”.

Trekket lågning er tydeleg markert i dialektytringane. I (1) ser vi det i døme som *støkka*, *sekkert*, *te* og *ves*, og i (2) i formene *gjær* og *Tænkt*. Preposisjonen ‘med’ er også representert med lågning i fire av ti tilfelle i kinoinvitasjonane, då som *mæ*. Dei andre formene er *me* (3 gonger), *med* (2 gonger), *m* (1 gong).⁴

- (3) Blir du mæ på kino imårra klokka åtte? Den e på meieriet

[3] Ifølgje Jahr & Skare (1996, s. 36) er forma *æ* den vanlege på dei større lofestadene Svolvær og Kabelvåg i Vågan kommune og også i fylkeshovudstaden Bodø, og forma er såleis kanskje ekspanderande i det nordlandske dialektlandskapet. Verken hjå Jahr & Skare (op. cit.) eller hjå mange andre er det vanleg å peike på at det som regel er samsvar i vokalkvalitetet mellom *eg* og *me*, *deg*, *seg*, og for oss er det viktig å understreke denne regulariteten (som rett nok vert broten i somme talemål i Nord-Troms og Finnmark).

[4] I materialet frå Stamsund i Nordisk dialektkorpus er 108 førekomstar av ‘med’ transkriberte som *me* og 65 førekomstar som *mæ*, men nokre stikkprøvar gjer det klart at mange fleire av *me*-tilfella burde ha vore transkribert *mæ*.

Det er eit visst innslag av standardspråklege former med stum konsonant i materialet. Ut over særnamnet *meieriet*, som alle fem gonger har final *-t*, finn me *det*, *med*, *halv*, *ikveld*, *ved* der sannsynleg uttale er [də]/[dæ], [mə]/[mæ], [hal], [i 'kvel]/[i 'kveɿ] og [ve]. Presensforma av 'skulle' er elles skriven *skal* to gonger og *ska* to gonger: I NDK-opptaka frå Samsund har til samanlikning alle dei 57 førekomstane forma *ska*, og varianten utan *-l* er såleis truleg den tradisjonelle forma i talemålet.

I "kinoinvitasjon" er det vidare seks førekomstar av forma *blir* for presens av 'bli'. Den tradisjonelle forma her er *bi*, og fråværet av denne forma i dei skriftlege ytringane i materialet vårt kan tyde på at ho er mindre brukt i talemålet enn tidlegare.⁵ Palatal nasal er berre markert i eitt av potensielt elleve tilfelle i "kinoinvitasjon". Det aktuelle dømet er forma *kanj* i følgjande døme.

- (4) kino i mårra, kl 18.00? Vi kanj møtes ved Circle K

Forma *kan* førekjem elles tre gonger, og heller ikkje former som *kunn*, *finn*, *den*, *inngangen* har markering av (eventuell) palatalisering. Ytringane inneheld ingen potensielle døme på palatalisering av historisk lang [l]. Derimot har me formene *åtte* og *møtt* som i talemålet tradisjonelt vil vere palataliserte med uttale som [oɹ] og [møɹ], men det er ingen spor av dette trekket i skrift. Når vi ser at ungdommane frå Lofoten i MPSM-undersøkinga nesten ikkje markerer palatalisering, kan vi forsiktig tolke det som eit teikn på at trekket ikkje vert oppfatta som eit sentralt talemålstrekk av ungdommane sjølve.⁶

[3.2] Nordmøre

Deltakarane

Materialet frå Nordmøre er samla frå 21 elevar frå Surnadal vidaregåande skole, 7 gutar og 14 jenter. Alle går på studiespesialisering. Tre av gutane oppgir Rindal som heimstad og ei jente oppgir Møre og Romsdal. Resten oppgir Surnadal som heimstad. Rindal er nabokommune til Surnadal og var fram til 1. januar 2019 ein del av Møre og Romsdal fylke, men ligg no i Trøndelag fylke.⁷ Alle deltakarane

[5] NDK-materialet frå Samsund stør opp under dette. Der er forma *bi* brukt ti av elleve gonger av dei to eldre informantane frå Samsund. Blant dei to yngre informantane finn vi derimot ei jamnare fordeling mellom *blir* (15 førekomstar) og *bi* (12 førekomstar) og *bli* (11 førekomstar), rett nok slik at den unge kvinna står for dei fleste tilfella av både *blir* og *bli* og den unge mannen for flest *bi*.

[6] Også på dette punktet konsulterte vi Samsund-materialet i NDK. Vi har lytta gjennom alle tilfella med ordet 'den', både som pronomen og determinativ, hjå dei to unge informantane i materialet (totalt 76 førekomstar), og for oss høyrer det ut som at medan den unge mannen har tydeleg palatal uttale av nasalen i tre fjerdedelar av tilfella, har den unge kvinna tydeleg palatal uttale i berre halvparten av tilfella.


[7] Folkesetnaden i Surnadal kommune er på ca. 5 900 og i Rindal kommune 2 000 (SSB 2020).

har bokmål som hovudmål, men heile 17 av dei oppgir at dei har bytt hovudmål i løpet av skulegangen.

Ein av deltakarane produserer ingen skriftlege ytringar med dialektinnslag. I “kinoinvitasjon” skriv alle så nær som denne eine deltakaren ytringa med tydeleg innslag av dialekt, og eit døme er gitt i (5).

(5) hei, ska vi på kino imårgå! dennj e kl 8, evt møtast på kulturhuse?

Der altså 20 av 21 skriv ytringar med tydeleg dialektinnslag i oppgåva “kinoinvitasjon”, er det omvendt i oppgåva “lærarmelding”: Der nyttar berre ein av deltakarane dialekt. Tilsvarende har 18 av 21 ytringar i “nytt kjæledyr” tydeleg innslag av dialekt, medan ingen i “diskusjonsforum” har det. Dette er vist med matrisa i figur 2.



FIGUR 2: Matrise for språkval i ulike kontekstar, Nordmøre (n=21). Blå=BM, gul=dialekt, oransje=veksling/anna språk, grøn=uklar kode. Grå=jente, kvit=gut.

For Surnadal ser vi altså det same overordna mønsteret som for Lofoten, men med eit endå tydelegare språkval for oppgåvene “kinoinvitasjon” og “nytt kjæledyr” på den eine sida og “diskusjonsforum” og “lærarmelding” på den andre. Til kinoinvitasjonen oppgir dei aller fleste at dei ville ha nytta Snapchat, men mange også Messenger. Til lærarmeldinga ville dei ha brukt læringsplattforma Itslearning eller tekstmelding, og nokre nemner også e-post. Tabell 4 oppsummerer den samla prosentvise fordelinga av språkvala i materialet frå Surnadal.

Språkval	Kino- invitasjon	Nytt kjæledyr	Diskusjons- forum	Lærar- melding
Dialekt	95,2 % (20)	85,7 % (18)	-	4,8 % (1)
Bokmål	4,8 % (1)	4,8 % (1)	95,2 % (20)	95,2 % (20)
N/A	-	4,8 % (1)	4,8 % (1)	-
Veksling/anna	-	4,8 % (1)	-	-

TABELL 4: Språkval i ulike skriftlege kontekstar, Nordmøre, n=21

Skriftleg nordmørsdialekt i undersøkinga

Dialektane på Nordmøre høyrer typologisk sett med til det trønderske dialektområdet (jf. Mæhlum & Røynealand 2012, s. 74f). Nokre sentrale tradisjonelle talemålstrekk er (i) lågtone, (ii) tjukk l av både historisk l og rð, (iii) jamvekt med apokope, (iv) lågning av fremre vokalar, (v) bortfall av -r i fleirtal av substantiv og presens av svake verb, (vi) inga ending i presens av sterke verb, (vii) palatalisering av lange alveolarar, (viii) pronomenformene *e*, *me*, *de* og *se*, (ix) monoftongering av *au* og *ei* til [ɛ] (jf. Dalen 1972, s. 20ff), (x) delt hokjønnsbøying (t.d. *æLva* versus *klåkkå*, jf. Dalen op. cit., kart s. 28), (xi) levande bruk av dativ i pronomen og bestemt form av substantiv (Dalen op. cit, s. 26ff).

Dialekttrekket jamvekt kjem til uttrykk gjennom infinitivsformer som *færra/ferra* og *værra*, jf. dømet i (6a). Det førekjem rett nok ingen døme på infinitivar av verb med opphavleg lang rotstaving som kunne ha vist oss at ein i slike tilfelle får apokope. Ordforma *alæn* ‘aleine’ frå ein annan kategori illustrerer likevel apokopen (jf. (6b)), og i oppgåva “nytt kjæledyr” har vi fleire døme på apokope i determinativ som *flær* ‘fleire’ og *allj* ‘alle’.

- (6) a. Hei! He du løst te å værra me æn tur på kino i mårgåkvellj? Vi kanj møttest på kulturhuse klåkkå ått (8).
 b. Ayy, du blir du med å se ei film på kinon på lørda? Tenk å sjå Godzilla sjø og e vil kje gå alæn og være loner. Sjøelve filmen går i 20.30 tia, og e spandere popcorn. :))
 c. bli du me på kino i mrg? denj går klåkkå sæks på kh

Infinitivsforma *være* i (6b) har ikkje a-ending slik ein kunne forvente, og akkurat denne ytringa skil seg frå dei hine i materialet ved å innehalde fleire standard-språklege former: Vi finn både *se* og *sjå*, og presens av ‘bli’ har forma *blir* medan alle andre førekomstar (9) i dialektytringane har forma *bli*. Vidare har denne deltakaren med den stumme d-en i preposisjonen ‘med’, medan alle dei andre dialektytringane i “kinoinvitasjon” har den lydrette forma *me*. Deltakaren som har produsert ytringa i (6b), opplyser at ho snakkar med ein blandingsdialekt, og det kan vere ei forklaring på den mindre gjennomførte dialektskrivinga.

Trekket lågning ser vi i formene *løst* ‘lyst’, *te* ‘til’ og *sæks* ‘seks’ i døma ovanfor. Førekomstane er ikkje så mange i materialet, men det er heller ingen klare døme på at lågning ikkje er markert.

Bortfall av utlydande -r i presens i svake verb har vi i former som *joina* ‘joinar’, *spandere* ‘spanderer’, *bynnja* ‘begynner’, og ti av elleve førekomstar av ‘blir’ har altså forma *bli*. Det er ingen døme på ubestemte fleirtalsord i ytringane, men i oppgåva “nytt kjæledyr” har vi forma *måna* ‘mån(ad)ar’. Dialektytringane inneheld elles ingen døme som illustrerer fråværet av ending i presens av sterke verb.

Palatalisering av alveolarar er eit tydeleg trekk i dialektytringane og ser ut til å vere meir eller mindre konsekvent markert. I oppgåva “kinoinvitasjon” finn vi fire førekomstar av *kvellj* ‘kveld’, *kannj/kanj* for ‘kan’ tre gonger, *dennj/denj* for ‘den’ tre gonger, *bynnja* for ‘begynner’ to gonger, og vi finn former som *villj* ‘vil’, *isåfallj* ‘i så fall’ og *roint* ‘rundt’. Den siste forma, jf. (7a), er interessant ved at palataliseringa vert markert på den føregåande vokalen i staden for etter konsonanten slik som i dei andre tilfella.

- (7) a. Ska vi på kino imrg kansje? åsså møtest vi roint klåkkå 6 på kulturhuse.
 b. No ha vi ennjdele fått åss ættj nyttj dyr! Kattå Linus
 c. No ha vi ennjdele fått åss honnj! □ sjølinj messfærnoiddj men d hæfta kje
 d. Nyttj familiemedlæm, grommast i vern <3

Døma i (7), der b-d er tekne frå oppgåva “nytt kjæledyr”, viser tydeleg kor salient palataliseringstrekket er for dialektskrivarane. Forma *sjølinj* (‘han sjølv; far’) i (7b) speglar palatalisering også i trykksvak staving, og formene *ættj*, *nyttj*, *messfærnoiddj* markerer òg palatale plosivar. Tilsvarende fann vi ikkje døme på i materialet frå Lofoten.

Det er få førekomstar av ‘eg’-pronomen i dialektytringane. Den forventa forma *e* for ‘eg’ finst to gonger i ytringa i (6b), og i oppgåva “nytt kjæledyr” har vi funne ytterlegare ein førekomst av *e* og ein av *me* for (‘meg’). For personleg pronomen fleirtal 1. person subjektsform finn vi elles forma *vi* seks gonger i oppgåva “kinoinvitasjon”, men også oss to gonger i ytringa i (8).

- (8) Hei, ska oss ferra på kino i mårrgå? Oss kannj møtast på butikken 1705

Deltakaren som har produsert denne ytringa, oppgir Rindal som heimstad, og to av dei andre rindalingane i undersøkinga har brukt forma *åss* i oppgåva “nytt kjæledyr”. Dette er i tråd med det tradisjonelle målet i Rindal som er ein del av det sørtrønderske området der ‘oss’ vert brukt som subjektsform (jf. Dalen 1972, kart s. 30). Vi merkar oss elles at ytraren av (8) har brukt normalortografi medan dei andre døma er skrivne med den meir ortofone form *åss*.

Monoftongering av *ei* har vi døme på i formene *æn* ‘ein’ i (6a) og *alæn* ‘aleine i (6b).⁸ Vi finn ingen døme på monoftongering av *au* til *æ* i desse ytringane, og vi finn det heller ikkje i oppgåva “nytt kjæledyr”, men vi har ein førekomst av *lørda* for ‘laurdag’ i (6b). Den forventa tradisjonelle forma ville her ha vore *læda(n)*.

Ein indikasjon på delt hokjønnsbøying finn vi i og med forma *klåkkå*. Forma

[8] Forenkling av diftongen *ei* er utbreidd i eit område som omfattar Romsdal, Nordmøre, delar av Sør-Trøndelag samt vidare sørover i eit stort område av Austlandet (Skjekkeland 2005, s. 47), men det bør nemnast at monoftongering av akkurat ubestemt artikkel er vanleg også på Sunnmøre, og i Nordfjord og Sunnfjord.

førekjem seks gonger i “kinoinvitasjon”, og i alle andre tilfelle førekjem ordet som forkortinga *kl*. Dette kan vere ei leksikalisert form, men i (7b) over ser vi forma *Kattå*.

I døma vi har samla inn, er det få spor av aktiv dativbruk, men i (7d) har vi eitt: *i vern* (for ‘i verda’). Men dette er det einaste vi har funne, og deltakarane skriv til dømes konsekvent *på kulturhuse* der *på kulturhusa* ville ha vore den tradisjonelle dativforma.

Dei stumme konsonantane vi finn i standardspråket, er eit sjeldsyn i dialekt-yrtingane i materialet frå Surnadal. I “kinoinvitasjon” har som nemnt 13 av 14 førekomstar av preposisjonen ‘med’ den lydrette forma *me*. Vidare finn vi forma *-huse* ‘-huset’ utan stum *t* i sju av åtte tilfelle i eigenamna *Kulturhuset* og *Rindalshuset*. Det siste representerer ein interessant skilnad til lofotmaterialet der dei fem førekomstane av eigenamnet *Meieriet* alle har med den stumme *t*-en.

Alle fem førekomstar av verbforma ‘skal’ har forma *ska*. Det er i tråd med talemålet: I opptaka frå Surnadal i NDK er det 80 førekomstar av denne verbforma, og alle har forma *ska*. Vi merkar oss elles at det er nokre førekomstar av *he* for ‘har’, jf. (6a), ei form som elles er uvanleg i trøndersk, men tradisjonell i andre talemål lenger sør i Møre og Romsdal (romsdaling og sunnmørsdialekt), jf. også omtalen av materialet frå Sykkylven nedanfor. I alt finn vi *he* to gonger i “kinoinvitasjon” og ein gong i “nytt kjæledyr”, medan den alternative, “trønderske” forma *ha* førekjem ni gonger i “nytt kjæledyr”. Det kan det vere at dette speglar eit skilje mellom *ha* som hjelpe- og hovudverb som elles finst i trønderske mål: Dei to førekomstane av *he* i “kinoinvitasjon” er begge hovudverbet (og del av uttrykket *he du løst*) medan alle førekomstane av *ha* er hjelpeverbet. Det eine dømet med *he* i “nytt kjæledyr” er hjelpeverb:

- (9) Sjø på na nydelige teddybearn vi he fått tak ti oss<3 Ho er absolutely adorable ppl :.)

Alt i alt viser materialet vårt at dialektskrivinga til ungdommane frå Surnadal vidaregåande skole i stor grad speglar det lokale talemålet i området. I tillegg til dei systemtrekka vi har peikt på, vert dette understreka av mellom anna den leksikalske forma *mårgå* ‘morgon’ som førekjem ti gonger i “kinoinvitasjon”.

[3.3] Nord-Gudbrandsdalen

Deltakarane

Datamaterialet frå Nord-Gudbrandsdalen omfattar informasjon frå 32 elevar ved Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule, 19 jenter og 13 gutar.⁹ Halvparten av


[9] Nord-Gudbrandsdalen omfattar kommunane Lesja, Dovre, Sel, Nord-Fron, Skjåk, Lom og Vågå. I 2018 hadde regionen om lag 24 500 innbyggjarar (SNL 2020).

desse elevane går studiespesialisering ved avdeling Dombås og den andre halvparten går idrettslina ved avdeling Otta. Nord-Gudbrandsdalen omfattar kommunane Lesja, Dovre, Sel, Nord-Fron, Skjåk, Lom og Vågå. Otta er administrasjonssenter i Sel kommune, medan Dombås er ein tettstad i Dovre kommune.

På spørsmålet om bustadkommune oppgir dei fleste elevane at dei bur i Sel kommune (9), Dovre (11) og Lesja (8), men nokre få oppgir også Skjåk og Sør-Fron. Dei fleste svarar at dei kan tre språk, og at dei brukar norsk og engelsk dagleg. To av elevane oppgir at dei har eit anna morsmål enn norsk (høvesvis dansk og italiensk). Så å seie alle elevane seier at dei “snakkar dø1” eller “ei blanding av bokmål og dø1” både heime og med venner. Nokre få oppgir at dei “vekslar mellom bokmål og dø1”, og ei jente seier at ho vekslar mellom trønderdialekt og dombåsialekt. Berre ein gut seier at han snakkar “pent bokmål” og meiner at han ikkje har nokon dialekt. Interessant nok har denne guten likevel mange dialektinnslag i “kinoinvitasjon”, jf. dømet i (10):

(10) Bli du mæ på kino imrg? Oss ken møtast v kiwi el någgå når o æ halv.

Språkvala i dei ulike kontekstane er viste med matrisa i figur 3 og i tabell 5.



FIGUR 3: Matrise for språkval i ulike kontekstar, Nord-Gudbrandsdalen (n=32). Blå=BM, lyseblå=NN, gul=dialekt, oransje=veksling/anna språk, grøn=uklar kode. Grå=jente, kvit=gut. (*)=enkelte brot på rettskrivingsnorma.

Språkval	Kino- invitasjon	Nytt kjæledyr	Diskusjons- forum	Lærer- melding
Dialekt	96,9 % (31)	68,8 % (22)	15,6 % (5)	40,6 % (13)
Nynorsk	-	-	6,3 % (2)	3,1% (1)
Bokmål	3,1 % (1)	15,6 % (5)	71,9 % (23)	56,2 % (18)
N/A	-	12,5 (4)	3,1 % (1)	-
Veksling	-	3,1 % (1)	3,1 % (1)	-

TABELL 5: Språkval ulike kontekstar, Nord-Gudbrandsdalen (n=32)

Med unntak av ein deltakar, har alle elevane innslag av gudbrandsdalsdialekt i

“kinoinvitasjon”. Enkelte skriv ganske gjennomført på dialekt, medan andre berre har nokre få dialekttrekk. I “diskusjonsforum” skriv dei aller fleste elevane på standard bokmål, eventuelt med nokre innslag av slang. Berre to elevar skriv på nynorsk, og fem har tydelege dialektinnslag. I “lærarmelding” har 13 av elevane dialektinnslag, ein skriv på nynorsk og dei 18 andre skriv på bokmål. 20 av elevane oppgir at dei har bokmål som hovudmål, og ni av desse har skifta hovudmål i løpet av skulegangen.

Som vi ser, er det eit tydeleg skilje mellom dei ulike kontekstane representert ved dei fire skriveoppgåvene. Som i Lofoten og Surnadal er det mest dialekttytringar i dei meir uformelle kontekstane og meir standardspråk i dei meir formelle. Vi merkar oss at det likevel er ein god del meir dialekttytringar i “lærarmelding” enn det var på dei to førre stadene vi har sett på.

Det er også interessant å merke seg at såpass få meldingar er skrivne på nynorsk når det til saman er 12 elevar som oppgir at dei har nynorsk som hovudmål. Totalt i heile materialet frå Nord-Gudbrandsdalen er det berre tre nynorsktytringar, produsert av to elevar. Av ‘nynorskelevane’ er det berre ein som skriv på nynorsk i melding til læraren, åtte skriv på dialekt og tre på bokmål. At dei heller vel å skrive dialektprega eller på bokmål er i tråd med funna til Eiksund (2019) i ein longitudinell kasusstudie av ein ungdom frå dette området. Dei fleste av dialekttytringane til læraren er altså skrivne av ‘nynorskelevar’ (8 av 13), medan dei fleste ‘bokmåselevane’ held seg til bokmål.

Når det gjeld val av plattform, svarar dei aller fleste at dei til kinoinvitasjonen ville ha brukt Snapchat eller Messenger, medan nokre få oppgir at tekstmelding kunne ha vore aktuelt. Til lærarmeldinga ville dei aller fleste ha sendt tekstmelding medan nokre få nemner Messenger. Eit par elevar nemner e-post, men interessant nok er det ingen som oppgir skulens læringsplattform som aktuell kanal.

Skriftleg nordgudbrandsdalsdialekt i granskinga

Dialektane i Nord-Gudbrandsdalen er austnorske dialektar som blir rekna til midlandsmåla, og av desse synest dei nord-gudbrandsdalske å vere dei som i minst grad er utsette for dialektnivellering (Mæhlum & Røyneland 2012, s. 131f; Rudi 2007). Typiske trekk ved desse dialektane er at dei har (i) lågtone, (ii) “tjukk l” av både historisk l og rð, (iii) jamvekt, (iv) lågning av fremre vokalar, (v) palatal diftongering – palataliteten syner seg i den føregåande vokalen *æille*, *mæinn*, (vi) preaspirasjon ved *p*, *t*, *k*, (vii) bortfall av *-r* i fleirtal av substantiv og presens av svake verb, (viii) kortformer og *i*-omlyd i presens av sterke verb, (ix) *-i/-e*-ending i supinum av sterke verb, (x) delt bøyning i bestemt form eintal av svake og sterke hokjønnsord (*-a/-e*), (xi) pronomenerne *e*, *me*, *de*, og *se* i eintal, og fleirtalsformene *oss* og *dømm* (både i subjekts- og objektsform), (xii) levande bruk av

dativ. Det siste trekket er mindre utbreidd blant dei yngre i Nord-Gudbrandsdalen (for fleire detaljar om nord-gudbrandsdalsk sjå Rudi 2007; Skjekkeland 2005; Øygarden 1995).

Som det går fram av tabell 3 ovanfor, har så å seie alle dei 32 elevane frå Nord-Gudbrandsdalen innslag av dialekt i oppgåva “kinoinvitasjon”. Dei fleste har meir enn eitt dialekttrekk i tillegg til generelle talespråkstrekk, som utelating av (skriftspråket sine) stumme konsonantar, forkortingar og avvik frå standard-språkleg teiknsetjing. Berre ei av ytringane har vorte koda som “bokmål” med små avvik, og denne deltakaren oppgir at ho snakkar “bokmål, preget av dialekten i området jeg bor fast”. Vi finn fleire døme på jamvektsinfinitivar i kinoinvitasjonane – *værra* (3), *væra* (1), *fårrå* (1), *kåmmå* (1) – og -e-ending i overvektsinfinitivar – *reise* (4), *stikke* (1). Vi finn også døme på jamningsformer i preposisjonen *fyrri* (‘før’), jf. dømet i (11a). I melding til lærar finn vi også jamvektsformene *vikku*, *viku*, *dåggå*, *dågå*.

- (11) a. Hei! skau væra mæ på kino i kvell æl? starta halv sjau. kjøm stat de fyrri oss tæk åt?¹⁰
 b. Hei, ska åss stikke på kino idag, æ en jævla bra film som ska visast. du ken bærre kåmmå te me rundt klukka 6 så kæn åss gå ilag te kinon

Vi finn vidare nokre døme på lågning av fremre vokalar: *te* ‘til’, *slekk* ‘slik’, *tæk* ‘tek’, *mæ* ‘med’ (12 førekomstar.), *æill/æel* (‘eller’). Formene *æill/æel* er dessutan også døme på palatal diftongering, og formene *ken/kæn* ‘kan’ (6 tilfelle) kan kanskje også tolkast som døme på det same.¹¹

Preaspirasjon ved dei ustemte konsonantane *p*, *t*, *k* er eit svært karakteristisk drag ved nord-gudbrandsdalsk, og er nærmast å rekne som ein sjibbolett for området. Det er likevel berre eitt døme på at dette trekket blir markert i materialet: I “kinoinvitasjon” finn vi i forma *guth* i ei ytring som også elles inneheld mange av dei nemnde dialekttrekka (jf. døme 12). Det at vi ikkje finn fleire døme på denne sjibboletten i materialet, kan anten tyde på at han er på veg ut av tale-målet til dei unge eller at denne typen suprasegmentale fonetiske trekk er vanskelegare å skriftfeste enn segmentale trekk. I *Nordisk dialektkorpus* finn vi mange døme på preaspirasjon hos dei eldre, men også ein god del hos dei unge respondentane.

- (12) ska åss på kino imårgå æill guth? træffast uttafårr kinon klukka 5.

[10] Forklaring: ‘Hei! Skal du vere med på kino i kveld, eller? Startar halv sju. Kjem forbi deg før me tek av stad?’

[11] Sjølv om formene manglar diftong, meiner vi at dei likevel kan spegle palatal diftongering: *kan* → *kæin* → *kæn/ken*. Legg elles merke til at skrivaren i (11b) har brukt både *ken* og *kæn* (for ‘kan’). Samla i alle ytringane er det to førekomstar av *kæn* og fire av *ken*.

Når det gjeld presens av sterke verb, finn vi berre eit par belegg i “kinoinvitasjon”: *kjøm* ‘kjem’ og *tæk* ‘tek’. I “lærarmelding” finn vi i alt 24 førekomstar av ‘kjem’. Dei fleste som skriv dialekt, brukar forma *kjøm* (10) eller *kjem* (2), medan *kommer* (12) blir brukt av dei som skriv bokmål.

Vi finn mange tilfelle av bortfall av *-r* i presens av svake verb. Til dømes er alle så nær som ein av førekomstane av ‘blir’ skrivne utan *-r*, *bli* (11). I eitt tilfelle er verbet trekt saman med det påfølgjande pronomenet: *bliu* (‘blir du’). Vi finn også tilfelle av utelaten *-r* i *starte* (‘starter’), men i to tilfelle er *-r-en* med: *starter*, og eit av desse tilfella er det i følgjande ytring som elles har klare dialektinnslag.

- (13) Hei, bli du mæ på kino i mårrå? Oss kan møtes der 10 minutt før flmen starter, da bli d ti på fem

Presens av kopulaverbet vert nesten konsekvent skrive *æ* i dialektytringane (16 gonger i heile materialet) – berre ein gong førekjem *e* (jf. 14a) og ein annan gong *er* utanom dei standardspråklege ytringane. Det siste ser vi i dømet i (14b), men legg merke til at der skrivaren har *er* i den første setninga, brukar vedkommande *æ* i den andre.

- (14) a. WADUP? Bli u me på kino i kveld (de e berre 1 kino i nærheten såå Lesja), rundt 19.00?
b. Her er vårt nyaste familietilskudd, heile familien æ veldig glade for at oss har fått detta nye tilskuddet til familien.

Preposisjonen ‘med’ blir vidare konsekvent skriven utan *-d* som *me/mæ* (3/12) (jf. døme i (11a) og (13)), og ‘skal’ vert gjennomgåande skrive *ska*. Begge delar vik av frå dei standardspråklege formene og kan reknast som ortofon attgiving av formene i talemålet. For “stum” utlydande *-t* er biletet litt meir samansett. Vi finn samla to førekomstar av *det* mot tre med *de/dæ* for pronomenet ‘det’ i elles dialektprega ytringar, og tilsvarende ein førekomst av *kulturhuset* mot ein av *kulturhuse*.

- (15) a. Der va dæ nye tillskuddet i familien i hus!
b. Oss ha fått hest å det æ helt supert
c. Bli mæ på kino i kulturhuset, klukka 7 imrg?
d. Bli mæ på kino i kulturhuse kl. 7 imrg?

Her anar vi altså at dialektskrivarane frå Nord-Gudbrandsdalen ikkje er fullt så konsekvente med ortofon attgiving som på Nordmøre i tilfelle der standard-språket har ein stum konsonant. Det at både *æ* for ‘er’ og *mæ* for ‘med’ er så frekvent i ytringane, heng kanskje saman med at vokalkvaliteten [æ] i desse orda

er saliente markørar for dialekten og difor finn vegen inn i dialektskrivinga.

Former som *bliu/bli u* for ‘blir du’ og *skau* for ‘skal du’ (jf. døme (11a) og (14a) over og (16) nedanfor) er interessante og speglar tradisjonell uttale: Eit klitisk ‘du’ er hekta rett på verbet, og i staden for rotisisme ([d] → [r]) (som ein gjerne finn i andre austnorske mål), fell [d] vekk.

(16) halla, bliu mæ på kino imårgå ell, slekk i 7 hæl v 8 tie på pg.

I “kinoinvitasjon” finn vi berre eitt tilfelle av supinum av sterke verb, *vorri* ‘vore’ (jf. døme 16), og det er det einaste i heile materialet.

(17) Du vikkje vorri mæ en tur på kino kl 8 i mårgå ell? (Smile emoji)

Mange av ytringane i “kinoinvitasjon” inneheld dialektforma *klukka* (svakt hokjønnsord i bestemt form), men vi finn berre to førekomstar av sterkt hokjønnsord i bestemt form ‘tida’ *tie*, *tia*. Forma *tie* førekjem i ei dialektytring, noko som kan tyde på at vedkomande har delt hokjønnsbøying (-a/-e) (jf. døme 16), medan forma *tia* førekjem i ei bokmålsytring. Det samla materialet vårt frå Nord-Gudbrandsdalen inneheld ikkje nok førekomstar av hokjønnsord i bestemt form eintal til å seie noko om ungdommane har, og markerer, delt hokjønnsbøying.¹²

Det dialekttrekket som oftast går att i kinoinvitasjonane, er pronomenforma oss i subjektsposisjon: *oss* (18) eller *åss* (5). Dette trekket førekjem også hyppig i “nytt kjæledyr”: *oss* (13), *vi* (1).

Av andre pronomen finn vi berre eitt tilfelle av *e* ‘eg’ i “kinoinvitasjon”, men i to av dei andre tekstane finn vi mange døme på 1. person eintal. I “lærarmelding” finn vi totalt 54 førekomstar av ‘eg’: *jeg* (29), *eg* (5) og *e* (20) og i “diskusjonsforum” finn vi totalt 52 førekomstar av ‘eg’ som fordeler seg slik: *jeg* (39), *eg* (3) og *e* (10). Her ser vi ein klar forskjell mellom dei to ytringssituasjonane: *jeg* vert nytta i 75 prosent av tilfella i “diskusjonsforum” mot 53 prosent i “lærarmelding”. Det er altså fleire av elevane som vel å bruke dialektforma av pronomenet i melding til læraren, enn i ein profil på eit diskusjonsforum. Dersom vi ser på førekomsten av dialekttrekk i alle ytringssituasjonane, går det fram at dette mønsteret gjeld generelt (jf. tabell 3 over). Førekomsten av dialekttrekk er klart høgare i melding til lærar enn i ein tenkt profil på eit diskusjonsforum, sjølv om begge var meint å simulere meir formelle situasjonar. Dette heng truleg saman med at elevane i det første tilfellet veit kven dei vender seg til, medan teksten i det andre tilfellet vender seg til eit større, anonymt publikum (jf. omgrepet

[12] Som nemnt er delt hokjønnsbøying eit trekk som er i endring i Nord-Gudbrandsdalen. Dei fleste yngre skil ikkje mellom sterk og svak bøying, men har -a-ending i alle hokjønnsord i bestemt form (jf. Mæhlum & Røyneland 2012, s. 70). Hjå dei to unge informantane frå Lom i *Nordisk dialektkorpus* er det likevel eit tydeleg skilje mellom svake og sterke hokjønnsord i bøyinga.

‘audience design’, Bell 1984, 2009).

[3.4] *Sunnmøre*

Informantane

Frå Sunnmøre har vi eit datamateriale med opplysningar frå 50 elevar ved Sykkylven vidaregåande skule, 27 jenter og 23 gutar.¹³ Så å seie alle desse elevane går studiespesialisering, berre to går yrkesfag. På spørsmålet om bustad-kommune svarar dei aller fleste elevane at dei bur i Sykkylven kommune (47). To oppgir fylket og ein Sula. Dei fleste elevane fortel at dei kan tre språk, og at dei brukar norsk og engelsk dagleg. Dei fleste seier at dei snakkar “sykkylvsdialekt” med venner, eventuelt oppblanda med slang og engelske uttrykk. Ein del seier også at dei snakkar blandingsdialekt med innslag av bokmål, nynorsk og “ålesundsk”. Seks av elevane oppgir at dei har eit anna morsmål enn norsk eller i tillegg til norsk (russisk, bosnisk, italiensk, engelsk, somali). Alle med unntak av ein av desse elevane seier likevel at dei snakkar norsk/dialekt med venner og at dei har nynorsk som hovudmål. Den eine eleven som ikkje snakkar norsk, har ikkje svart vidare på spørsmåla og er difor teken ut av materialet. Ein gut med somalisk bakgrunn som seier at han snakkar ei blanding mellom fleire språk, har tydelege dialektinnslag i “kinoinvitasjon” i tillegg til ei blanding av nynorsk, bokmål, slang og forkortingar (jf. døme (18)):


- (18) Ey bro! ej he sett på nokre par plakater på kino å d sto at dei sku vise den 6. juni kl.18. ej og karane ska dit og møtest uttenfor kinosalet. blir du me?

Her ser vi dialektformene *ej* ‘eg’ og *he* ‘har’, uttalenære former som *ska* ‘skal’, *sku* ‘skulle’, *me* ‘med’, nynorskformene *nokre*, *karane*, *kinosalet* og bokmålsformene *plakater* og *uttenfor* (rett nok med ein *t* for mykje). Vi finn forkortinga *d* for ‘det’, og medan forma *me* (‘med’) står utan standardspråkets stumme *d*, inneheld forma *kinonsalet* ein “stum *t*”. Ytringa startar med eit engelskspråkleg lån, *Ey bro!*, som etter kvart har vorte temmeleg vanleg slang i norsk. Ytringa er eit godt døme på all den variasjonen vi typisk finn i skriftlege meldingar til venner på sosiale medium, og den illustrerer dessutan kor vanskeleg det kan vere å kode denne typen ytringar. Denne ytringa har vorte koda som ‘dialekt’ sidan ho inneheld fleire dialektale og talespråklege innslag. Berre ytringar som *primært* held seg til ein av skriftspråksstandardane, blir koda med ‘bokmål’ eller ‘nynorsk’ (jf.

[13] Sykkylven ligg i den austre delen av Sunnmøre som omfattar kommunane Norddal, Skodje, Stordal, Stranda, Sykkylven og Ørskog. Sykkylven er den største kommunen i denne delen av regionen og har om lag 7 700 innbyggjarar (SSB 2020).

diskusjon i metodedelen pkt. 2).

Seks av elevane oppgir at dei har bokmål som hovudmål, medan resten har nynorsk. Fire av nynorskelevane og to av bokmåselevane opplyser at dei har bytt hovudmål i løpet av skulegangen. Oppsummert er dette altså ei elevgruppe der dei aller fleste snakkar lokal dialekt og har nynorsk som hovudmål. Matrisa i figur 4 viser språkvala i dei fire oppgåvene i undersøkinga for deltakarane frå Sykkylven. Av plassomsyn er ikkje den venstre kolonnen som indikerer oppgåvene, med, men dei er som i tidlegare matriser frå topp til botn “lærarmelding”, “diskusjonsforum”, “nytt kjæledyr” og “kinoinvitasjon”. Av plassomsyn er dessutan deltakartala delte inn i seksjonar for kvar “tiar”. I denne matrisa har vi vidare som for Nord-Gudbrandsdalen teke med ei linje for å markere hovudmålet til deltakarane, og blå er då bokmål medan lyseblå er nynorsk. Ytringar markerte med stjerne (*) inneheld enkelte brot mot den aktuelle skriftnorma.



FIGUR 4: Matrise for språkval i ulike skriftlege kontekstar, Sunnmøre (n=49). Blå=BM, lyseblå=NN, gul=dialekt, oransje=veksling/anna språk, grøn=ukklar kode. Grå=jente, kvit=gut. (*)=enkelte brot på rettskrivingsnorma.

Språkval	Kino- invitasjon	Nytt kjæledyr	Diskusjons- forum	Lærer- melding
Dialekt	85,7 % (42)	53,1 % (26)	16,3 % (8)	14,3 % (7)
Nynorsk	4,1 % (2)	8,2 % (4)	38,8 % (19)	75,5 % (37)
Bokmål	4,1 % (2)	10,5 % (5)	24,5 % (12)	10,2 % (5)
N/A	6,1 % (3)	24,5 % (12)	20,4 % (10)	-
Veksling	-	4,1 % (2)	-	-

TABELL 6: Språkval i ulike skriftlege kontekstar, Sunnmøre (n=49)

Som det går fram av tabell 6, er det klare forskjellar i språkval mellom dei ulike skriftlege kontekstane elevane vart presenterte for. Sjølv om mange blandar, har dei aller fleste tydelege talespråklege innslag i “kinoinvitasjon” (86 %) og noko færre i “nytt kjæledyr” (53 %). I melding til læraren, derimot, skriv dei aller fleste hovudsakleg på nynorsk (76 %), nokre få på bokmål og nokre få på dialekt. Her ser vi altså at situasjonen er heilt bytt om med 86 % dialekt i “kinoinvitasjon” og berre 14 % dialekt i “lærarmelding”. Den største forskjellen mellom melding til

lærer og profil på diskusjonsforum er at andelen meldingar på nynorsk er mykje lågare i den sistnemnde situasjonen (39 % mot 76 %). På diskusjonsforumet skriv langt fleire på bokmål eller dei skriv på ein måte som gjer det umogleg å avgjere språkvalet (n/a).

Når det gjeld val av plattform, svarar dei fleste at dei ville ha brukt Messenger eller Snapchat til kinoinvasjonen og nokre få tekstmelding. Til lærarmeldinga oppgir dei aller fleste at dei ville ha brukt skulens offisielle lærings- og kommunikasjonsplattform (Itslearning, Skolearena), og mange nemner også tekstmelding, medan nokre nemner Messenger.

Skriftleg sunnmørsdialekt i granskinga

Dialektane på Sunnmøre tilhøyrer vestnorsk – meir presist nordvestlandsk (Mæhlum & Røyneland 2012, s. 89f). Typisk for dialektane på Sunnmøre er at dei tradisjonelt har hatt (i) høgtone, (ii) e-mål (*vere, finne, jente*), (iii) korkje tjukk l eller retrofleksar, men eige r-segment i uttalen av *rt, rn, rs, rd* og *rl*, (iv) innskotsvokal i presens av sterke verb og i sterke adjektiv i eintal (*kjøme, fine*), (v) ingen assimilasjon av plosiven i konsonantsambanda *nd, ng, ld, mb* og *ng* (*land, ting, kveld, lamb*), (vi) uttale av intervokalisk og utlydande *-d* (norrøn *ð*) etter lang vokal (*tid, saud, haud*), (vii) palatalisering av lange alveolarar og velarar, (viii) affrikat uttale [çç] av *ki/kj/tj*, (viii) bortfall av *-r* i ubestemt form fleirtal av substantiv og presens av svake verb, (ix) omlydde former i presens av sterke verb (x) delt bøyning i bestemt form eintal av svake og sterke hokjønnsord (*-å/-a; jentå* vs. *bygda*), (xi) pronomenformene *ej, mej, dej, sej* i eintal, fellesforma *dokke* i subjekt- og objektsposisjon, anten *oss* eller *me* i subjektsposisjon.

Sjølv om mange av desse trekka framleis står sterkt på Sunnmøre, er ein del av dei i endring. Palatalisering av lange alveolarar finst til dømes så å seie ikkje hos yngre språkbrukarar i dag (jf. Abrahamsen 1995; Mæhlum & Røyneland 2012, s. 95). Heller ikkje palatalisering av velarar (*byggje, bakkje*) er veldig stabilt med unntak av formene *ikkje* og *mykje* (jf. Løset 2011). Ålesundsformene er her vel å merke *ikke* og *mye*, og desse er ekspansive i bynære område. Også når det gjeld innskotsvokalen, finn vi ein god del variasjon blant unge sunnmøringar – særleg i adjektiv, medan dei omlydde sterke presensformene er mykje meir stabile (jf. Løset 2011). Den affrikate uttalen [çç] av *ki, kj, og tj*, som i *kino, kjære, tjern*, der ein lenger sør vil ha ein dorso-palatal uttale [ç], er eit karakteristisk og relativt stabilt sunnmørstrekk. Tradisjonelt har ein ikkje hatt retrofleksar på Sunnmøre, men dei er svært vanlege i ålesundsmål og er på full fart inn også andre stader på Sunnmøre, særleg av *rs* (jf. Røyneland & Mæhlum 2014).

Som det går fram av tabell 4 ovanfor, har så å seie alle dei 49 elevane frå Sykkylven innslag av dialekt i “kinoinvasjon” til ein venn (86 %). Dei fleste har

meir enn eitt dialekttrekk i tillegg til generelle talespråkstrekk, som fråvær av standardspråkets stumme konsonantar, forkortingar og avvik frå standard-språkleg teiknsetjing.

Vi finn berre eitt døme på presens av eit sterkt verb i “kinoinvitasjon”, og det er forma *kjem* utan innskotsvokal i ytringa gjengitt i (19a). I “lærarmelding” finn vi denne presensforma ytterlegare åtte gonger i ytringar som er koda som dialekttytringar og aldri med innskotsvokal, jf. dømet i (19b). Vi finn heller ingen døme på innskotsvokal i sterke adjektiv, jf. (19c).

- (19) a. Ver¹⁴ me å kino? Kjem å henta dej isofall me Chevyn om 15. Vi møtast på samfen!
 b. Hei, kjem dessverre ikkje på skulen idag pga sjukdom. Ej trur at ej kjem til å bli vekke ut veka, so kjem ej heller sterkere tilbake neste veke.
 c. Åå vi he fått oss en ny katt! Ej e så gla for den e så søt

Dette stemmer med eit generelt inntrykk av at innskotsvokalen ser ut til å vere på veg ut i yngre sunnmørsmål. I *Nordisk dialektkorpus* er det ingen opptak frå Sykkylven, men vi gjorde eit søk i materialet frå Stranda. Der fann vi at av i alt 64 førekomstar av ‘kjem’ blant dei yngre informantane er det berre to som er transkriberte som *tjeme*, og den eine er ved lytting tvilsam – alle dei andre førekomstane er variantar utan vokalending (*kjem*, *tjem*, *tjømm* m.fl.). Vi fann heller ikkje nokon førekomstar av sterke adjektiv i eintal hankjønn eller hokjønn med innskotsvokal.

Eit trekk som derimot viste seg å vere ganske gjennomført også hos dei unge i NDK-materialet er uttale av plosiven i konsonantsambanda *nd*, *ng*, *ld*, *mb* og *ng*. I det skriftlege materialet finn vi berre nokre få døme på *-nd*, der det tydeleg markerer tradisjonell uttale (t.d. 20a), men elles er det vanskeleg å avgjere sidan det ofte er formsamanfall med standard nynorsk (t.d. *kveld*). I “kinoinvitasjon” finn vi likevel fleire førekomstar av *-nn* enn av *-nd* (*begynde* (2), *begynn(e)* (6)).

- (20) a. kinoen begynde klokka 8
 b. Gira på kino i morgo? Tru den begynne 20.30

Ikkje overraskande finn vi ingen døme på markering av palatale alveolarar eller velararar (der det ville avvike frå den nynorske skriftstandarden). Det er heller ingen som markerer affrikat uttale ved *ki*, *kj*, *tj*: Alle skriv t.d. *kino*, *kjem*, *kjøre*. Mest sannsynleg blir dette rett og slett berre opplevd som ‘normaluttalen’ og

[14] Denne forma kunne ha vore ein imperativ, men sidan ytringa blir avslutta med eit spørsmålsteikn, er det mest sannsynleg ein infinitiv. Dei apokoperte formene *ver* og *gjere* av *vere* og *gjere* er vanlege i talemåla på Sunnmøre.

dermed ikkje noko ein vil markere i dialektskriving på Sunnmøre.

Bortfall av utlydande *-r* i fleirtal av substantiv og presens av svake verb er vidare meir eller mindre gjennomført i dialektytringane. I “kinoinvitasjon” finn vi til dømes substantivet *biletta* (1) og presensformene *møte* (1), *henta* (2), *håpe* (1), *begynde* (2) *begynn* (5), *begynne* (1), *joina* (9), *lure* (1) *starta* (1) (jf. døma i 21).

- (21) a. Hello, ej lure på om vi ska stikke på kino i morga? Filmen starta 20.00. Vi kan møtast på Basse?
 b. Hei, joina du å bli med på kino imorgo? Kjøre ut 20:00 til kulturhuse om du gidd

Vi finn berre eitt tilfelle med ståande *-r* (*kjører*) i ei nynorskytring. I dei andre meldingane førekjem nettopp bortfall av *-r* ein del gonger i elles standardspråkelege nynorskytringar som i døme (22):

- (22) Hei! Eg kjem ikkje på skulen pga. sjukdom. Trulig blir eg vekk i et par daga.

Meldingane i “kinoinvitasjon” er elles prega av mange dialektformer av personlege pronomen: *ej* (9) og *mej* (4), *dej* (3), og berre nokre få *eg* (2), *meg* (1) og *deg* (1). Konvensjonen for dialektskriving er heilt tydeleg med *-j* slik vi t.d. ser i døme (21a). Vi finn ingen førekomstar av dialektvariantane skrivne med *-i* (*ei*, *mei*, *dei*). Dersom vi ser på heile materialet samla, går det fram at dialektvariantane av desse pronomena også blir mykje brukt i meldinga om nytt kjæledyr (83 % dialekt, n=23), medan standardformene dominerer i “lærarmelding” (83 %, n=79) og på “diskusjonsforum” (76 %, n=66).

Når det gjeld fleirtalspronomen, finn vi berre ein førekomst av *oss* og ingen av *me* i subjektsposisjon i heile tekstmaterialet frå Sykkylven, medan vi finn heile 51 førekomstar av *vi*. Denne forma er ekspansiv på heile Sunnmøre, så det er nokså markert å bruke *oss* slik eleven i døme (23a) gjer. Når det gjeld 2. person blir fellesforma *dokke* tradisjonelt brukt på Sunnmøre. I “kinoinvitasjon” finn vi tre døme på *dokke*, to gongar som objekt og ein gong som subjekt, og ingen døme på standardformene (*de/dykk*, *dere*).

- (23) a. Hei! Ska oss fare på kino imorga, møtast uttafor samfen klokka 7.
 b. fåpå kino imorgå klokka sju, ej kan plukke dokke opp om dokke møte me ungdomsskulen

Tradisjonelt har ein hatt delt hokjønnsbøying på Sunnmøre med bestemt artikkel *-å* i svake og *-a* i sterke hokjønnsord, men dette er eit trekk som er på veg ut blant yngre språkbrukarar. Det er difor ikkje overraskande at vi finn lite av dette

i det skriftlege sunnmørsmaterialet. I “kinoinvitasjon” finn vi berre *-a* i svake hokjønnsord (t.d. *klokka* (18 gonger), jf. 20a, 23a og 24a). I “nytt kjæledyr” dukkar det interessante dømet i (24b) opp.

- (24) a. Hei! Ej lurte på om du joina kino klokka 2000 imrg. Vi kan kjøre fram visst dokke henta.:)
 b. No he ho mor vør å henta ei kattslyå me naboen

Isolert sett er *kattslyå* etter delt hokjønnsbøying bestemt form av det svake hokjønnsordet *ei kattslye*, men her brukar altså respondenten dette noko markerte ordet i ubestemt form, noko vi vel å tolke som ei relikv form som viser at delt hokjønnsbøying ikkje er i aktiv bruk.

Eit trekk som elles opptrer hyppig i dialekytringane, er den tradisjonelle presensforma for verbet ‘har’ som i sunnmørsdialekten er *he* (jf. også gjennomgangen av nordmørsmaterialet ovanfor). Vi finn dialektforma *he* gjennomført i dialekytringar både i “kinoinvitasjon” og i dei andre kontekstane (totalt 31 førekomstar), medan vi finn *har* i standardytringar (totalt 45 førekomstar, 25 av desse i “lærarmelding”). *He* er med andre ord også ein sterk dialektmarkør, på line med personlege pronomen.

Forma på uttrykket ‘i morgon’ er også i høg grad talemålsprega i dialekytringane. I kinoinvitasjonen finn vi ulike variantar av ‘i morgon’ med eller utan samanskriving med preposisjonen: (*i)morga* (27), (*i)morgo* (4), *imårgå* (1), *imårn* (1), *imrg* (1) (jf. døma i 20, 21 og 23).

Som i dei andre områda vi har sett på i denne artikkelen, er utelating av skriftspråkets stumme konsonantar også vanleg i dialektskriving på Sunnmøre. I “kinoinvitasjon” finn vi t.d. *ska* (8), *skal* (2), *me* (18), *med* (10), *d* (3), *det* (2), *-huse* (2), *-huset* (6). Vi finn utelating også i ytringane som er skrivne på standard nynorsk eller bokmål, men det er langt mindre vanleg. I “lærarmelding” finn vi ingen utelatne stumme konsonantar og i “diskusjonsforum” berre nokre få *me* (4), *med* (30). Utelating av slike stumme konsonantar ser med andre ord ut til å henge saman med dialektskriving sjølv om det ikkje synest å vere like gjennomført som ved bortfall av *-r* i fleirtal av substantiv og svake verb.

[4] OPPSUMMERING OG KONKLUSJON

Funna i denne granskinga står opp under tidlegare spørjeundersøkingar som har kome fram til at det er svært vanleg blant norske ungdommar å skrive på dialekt i private samanhengar. I alle områda vi har teke for oss her, dominerer dialekt i oppgåva “kinoinvitasjon”, og det er også monaleg dialektbruk i “nytt kjæledyr”. Til skilnad frå tidlegare spørjeundersøkingar som har fokusert på sjølvrap-

portert språkbruk, har undersøkinga vår også samla inn prøver på *korleis* språkbrukarane skriv dialekt (i ein testsituasjon), og som vi har sett ovanfor, speglar dei innsamla prøvene i høg grad tradisjonelle talemålstrekk frå dei utvalde områda. Vi ser også at ungdommane langt på veg har eit *ortofont* ideal for dialekt-skrivinga når dei unngår til dømes stumme konsonantar. På dette punktet kan det sjå ut som at det ortofone idealet står aller sterkast i materialet frå Nordmøre.

Som det går fram av tabell 7, er andelen dialekt svært høg i “kinoinvitasjon” og til dels i “nytt kjæledyr”, medan andelen dialekt søkk drastisk i oppgåvene “diskusjonsforum” og “lærarmelding”, og det er særleg lite dialekt i profilen på diskusjonsforumet. I desse meir formelle kontekstane dominerer standard-språka.

Stad	Kinoinvitasjon			Nytt kjæledyr			Diskusjonsforum			Lærarmelding		
	Dial.	BM	NN	Dial.	BM	NN	Dial.	BM	NN	Dial.	BM	NN
Lofoten	80,1	14,3	-	33,3	28,6	-	14,3	52,3	-	9,5	90,5	-
Nordmøre	95,2	4,8	-	85,7	4,8	-	-	95,2	-	4,8	95,2	-
N-G.brandsdal	96,9	3,1	-	68,8	15,6	-	15,6	71,9	6,3	40,6	56,2	3,1
Sunnmøre	85,7	4,1	4,1	53,1	10,5	8,2	16,3	24,5	38,8	14,3	10,2	75,5

TABELL 7: Oppsummering av valet (i prosent) mellom dialekt, bokmål og nynorsk i ulike kontekstar på dei fire utvalde stadene i undersøkinga (n=123) (Vala “n/a” og “veksling” er ikkje tekne med.)

Vi ser med andre ord at ungdommane tydeleg skil mellom dei ulike kontekstane og tilpassar språkbruken etter plattform, og ikkje minst etter mottakar. Det siste, altså såkalla ‘audience design’, (Bell 1984, 2009) er truleg det aller viktigaste her. Dersom vi følgjer Bell (ibid.) vil ‘ikkje-adressat-faktorar’ som tema, kontekst og medium ha ein indirekte effekt via den assosiasjonen dei har med typiske typar av tilhøyrarar. Dersom vi ser på kva for app eller digital plattform elevane oppgir at dei ville ha brukt i høvesvis “kinoinvitasjon” og “lærarmelding”, er det klare forskjellar i preferanse: Snapchat og Messenger er dei klart mest populære “vennekanalane”, medan e-post, tekstmelding og skulens læringsplattform er dei føretrekte kanalane for melding til læraren. Elevane viser at dei kan variere språkbruken sin og bruke trekk modulert etter mottakar.

Praksisen deira viser dessutan at dei oppfattar og er sensitive til at det er ulike normer og normforventningar knytt til dei ulike kontekstane. Slik Bourdieu (1991) peiker på, er forventa mottaking ein viktig del av dei språklege produktjonsvilkåra, og forventa marknadssanksjonar er med på å bestemme dei språkvala vi til ei kvar tid gjer. Kalkuleringa av og tilpassinga til ulike marknader er

basert på dei erfaringane vi har når det gjeld akseptabilitet, verdi og status. I materialet vårt er det tydeleg at elevane har ganske samanfallande vurderingar av kva for språkbruk som høver i dei ulike kontekstane. Slik oppsummeringa i tabell 7 ovanfor viser, er det markant forskjell mellom den språklege praksisen i “kinoinvitasjon” og “nytt kjæledyr” på den eine sida og “diskusjonsforum” og “lærarmelding” på den andre. Men det er også nokre interessante forskjellar i praksis som vi vil kome attende til.

For Lofoten og Nordmøre sin del betyr standardspråkleg skrift bokmål. I Nord-Gudbrandsdalen, der ein tredjedel av deltakarane har nynorsk som hovudmål, er det langt frå ein tredjedel som brukar nynorsk i oppgåvene. Dei aller fleste av desse nynorskelevane vel heller å bruke bokmål eller dialekt. Berre på Sunnmøre finn vi meir utstrakt bruk av nynorsk, og då først og fremst i “lærarmelding”: Det er ein slåande kontrast frå 75,5 % nynorsk der til 38,8 % i “diskusjonsforum”. Dette kan tyde på at desse elevane – som i hovudsak har nynorsk som hovudmål – først og fremst brukar nynorsk på skulen og ikkje så mykje elles. Dette stemmer med funna i granskinga til Sønnesyn (2020) som viser at det å vere *nynorskelev* ikkje nødvendigvis er det same som det å vere *nynorskbrukar*. Samstundes seier det noko om nynorskens posisjon og status i dette området, om normforventningar og om forventa mottaking. I melding til læraren er normforventinga tydeleg primært nynorsk, medan det er mykje meir uklart kva status dei ulike kodane og trekka har i høve til eit større publikum på eit diskusjonsforum. Her vel sunnmørselevane ganske ulikt, noko som kan tyde på at vurderinga av kva språkbruk som høver seg og som vil ha best mottaking på “diskusjonsforum-marknaden”, ymsar ein del. Bruk av nynorsk kan indeksere ganske ulike ting for ulike brukarar: For ein del unge på den norske språkmarknaden står ikkje nynorsk veldig høgt i kurs. Både bruk av dialekt og bruk av nynorsk er potensielt meir markert på den norske språkmarknaden enn det bokmål er (jf. t.d. diskusjon i Mæhlum 2008 og Bull 2018). Såleis vil val av nynorske eller dialektale trekk kunne vere mindre aktuelt i ein del samanhengar.

Der bruk av dialekt kan gi autoritet i form av den *autentisiteten* dialektbruk kan indeksere, gir bruk av standardspråket ein autoritet i form av den *anonymiteten* eller *nøytraliteten* den i teorien har (jf. Woolard 2016). I enkelte samanhengar ønskjer vi kanskje tydeleg å markere tilhøyrsløse til bestemte stader eller grupper, medan vi i andre kan ønskje å bli oppfatta som meir nøytrale. Dette er forhold som kan vere med på å styre språkval i den eine eller andre retninga.

Nord-Gudbrandsdalen peiker seg ut på eitt punkt: Det er langt fleire der enn på dei andre stadene som vel å skrive dialekt i “lærarmelding”. Dette fell saman med ein annan skilnad mellom Nord-Gudbrandsdalen og dei andre stadene når det gjeld kva for plattform elevane rapporterer at dei ville ha brukt. Medan svært

mange på dei andre stadene oppgir at dei ville ha brukt skulens lærings- og/eller kommunikasjonsplattform (t.d. Itslearning, iskole, Skolearena), vert dette ikkje nemnt i Nord-Gudbrandsdalen. Her svarar derimot dei fleste at dei ville ha brukt tekstmelding. Det er ein kanal som primært er meint for ein-til-ein-kommunikasjon og som òg vert brukt i private samanhengar, i motsetnad til læringsplattformer. Det er ei mogleg forklaring på at delen dialektytringar er såpass mykje høgare for denne konteksten i dette utvalet: Den dominerande kommunikasjonskanalen er meir uformell enn hos dei hine. Og sjølv om eit fleirtal av dialektytringane er skrivne av nynorskelevar (8 av 13), tyr også ein god del bokmålslevar til dialekt i denne konteksten (5 av 13). Ei alternativ forklaring på kvifor Nord-Gudbrandsdalen skil seg ut med meir dialektbruk i lærarmeldinga, kan vere at akkurat dette utvalet har eit nærare forhold til læraren sin eller lærarane sine, og er klar over at bruk av dialektale trekk ikkje vil bli sanksjonert. Alternativt kan det tyde på at plattform, meir enn mottakar er avgjerande for språkvalet. Dette har vi ikkje høve til å etterprøve i materialet vårt. Men i alle høve ser vi veldig tydeleg at deltakarane i undersøkinga gjer ulike språkval i ulike kontekstar ut frå kva for plattform dei brukar, kven som er mottakaren og kva slags relasjon dei har til denne. Dei aller fleste deltakarane varierer og tilpassar den skriftlege språkbruken ut frå det førestilte publikummet sitt.

Men det er avslutningsvis også viktig å få fram at elevane ikkje berre vekslar mellom situasjonane. Sjølv om vi har koda ytringane som høvesvis 'dialekt', 'nynorsk' og 'bokmål', er det også svært tydeleg at elevane varierer mykje *innanfor* kvar ytring. Det gjeld ikkje minst for sunnmørselevane der svært mange har innslag av dialekt, slang eller bokmål i det som har vorte koda som 'nynorsk' (jf. markeringa * i tabell 7).

Dette tek oss over til eit siste poeng, nemleg at svært mykje språkbruk på sosiale medium ikkje er underlagt dei same normkonvensjonane og normforventningane som skriving i andre medium, men er open for forhandling, og at aksepten for variasjon, hybriditet og normbrot er ganske stor – og i enkelte tilfelle til og med ein forventa del av sjangeren.

TAKK!

Vi vil takke ein anonym fagfelle for særlyse nyttige kommentarar til ein tidlegare versjon av denne artikkelen og Karine Stjernholm for konstruktiv oppfølging. Takk også til dei 1532 vgs-elevane som har stilt opp på undersøkinga vår og særleg til dei 126 som utgjer utvalet i denne studien. Vi vil vidare rette ein stor takk til Mari J. Wikhaug Andersen som gjorde ein framifrå innsats først med å rekruttere deltakarar til undersøkinga og sidan med å systematisere og kode data-

materialet. Arbeidet er delvis finansiert av Noregs forskingsråd gjennom ordninga Senter for framifrå forskning, prosjekt nummer 223265.

Så vil vi heidre Janne. Vi samarbeida med Janne, og vart kjende med henne, på ulike måtar, kvar for oss og aldri i trespann, men interessa for og gleda over talemålsforskning sameina oss. Øystein jobba i to tiår nært med Janne mellom anna med oppbygging av forskingsinfrastruktur for talemålsforskning gjennom ScanDiaSyn- og LIA-prosjekta, medan Unn like lenge har vore kollega på ILN og etter kvart MultiLing ved UiO der ho mellom anna deltok i prosjektet *Linguistic Capacity Building – Tools for the inclusive development of Ethiopia* som Janne leia. Det drivet til å setje i gang forskingsprosjekt og den krafta til å gjennomføre dei som Janne hadde, var formidabel og noko vi begge har som eit forbilde. Og så er det så mykje, mykje anna både på eit personleg og kollegialt plan som vi vil sakne, men mest av alt kjenner vi ei djup takksemd for alt ho ga oss den tida ho var blant oss.

LITTERATUR

- Abrahamsen, Jardar E. 1995. Utvalde palatal-tal: metodekritisk ljøs på avpalataliseringi i yngre mål i Herøy på Sunnmøre. Hovudoppgåve, NTNU.
- Androutsopoulos, Jannis. 2011. From variation to heteroglossia in the study of computer-mediated discourse. I *Digital discourse: Language in the new media*, redigert av Crispin Thurlow & Kristine Mroczek, 277–298. Oxford: Oxford University Press.
- Androutsopoulos, Jannis. 2013. Participatory Culture and Metalinguistic Discourse: Performing and Negotiating German Dialects on YouTube. I *Discourse 2.0. Language and New Media*, redigert av Deborah Tannen & Anna Mari Trester, 47–71. Georgetown University Press.
- Androutsopoulos, Jannis. 2015. Networked multilingualism: Some language practices on Facebook and their implications. *International Journal of Bilingualism* 19(2): 185–205.
- Bakkevoll, Geir. 2019. “Mye tøv du skriv”: Språklege og semiotiske ressursar i politisk CMC. Masteroppgåve, UiT Noregs arktiske universitet.
- Bell, Allan. 1984. Language style as audience design. *Language in Society* 13(2): 145–204. doi:10.1017/S004740450001037X
- Bell, Allan. 2009. Language style as audience design. I *The new sociolinguistics reader*, redigert av Nikolas Coupland & Adam Jaworski, 265–275. New York: Palgrave Macmillan.

- Bjørhusdal, Eli & Gudrun Kløve Juuhl. 2017. Bokmålsavvik frå norma i sjetteklassetekstar. *Maal og Minne* 2017(1): 93–121.
- Bourdieu, Pierre. 1991. *Language and symbolic power*. Cambridge, UK: Polity Press.
- Bull, Tove. 2018. Innleiing. I *Norsk språkhistorie III. Ideologier*, redigert av Tove Bull, 25–50. Oslo: Novus.
- Christiansen, Hallfrid. 1996 [1950]. Geografisk oversyn over den nordnorske apokope. I Jahr & Skare (1996), s. 93–99. (Opphavleg halde som føredrag i Det Norske Videnskabs-Akademi, 17. november 1950).
- Cutler, Cecelia & Unn Røyneland (red.). 2018. *Multilingual Youth Practices in Computer Mediated Communication*. Cambridge University Press.
- Dalen, Arnold. 1972. Trøndermåla. I *Trøndermål*, redigert av Arnold Dalen & Ola Stemshaug, 9–41. Oslo: Samlaget.
- Deumert, Ana. 2014. *Sociolinguistics and Mobile Communication*. Edinburgh University Press.
- Deumert, Ana & Kristin V. Lexander. 2013. Texting Africa: writing as performance. *Journal of Sociolinguistics* 17(4): 522–546.
- Eiksund, Hjalmar. 2015. Mellom borken og veden: Ungdom på jakt etter ein nynorsk identitet. I *Nye røyser i nynorskforskinga*, redigert av Hjalmar Eiksund & Jan Olav Fretland, 36–47. Oslo: Samlaget.
- Eiksund, Hjalmar. 2019. Språkpraksisar i randsona. Eit portrett av ein hovudmålsbytar. *Målbryting* 10: 49–76. doi: <https://doi.org/10.7557/17.4971>
- Eiksund, Hjalmar. 2020. Å kunne skilje nynorsk frå bokmål og dialekt. Skriveutvikling hos eit utval elevar frå sjetten til tiande trinn. *Maal og Minne* 2020(1): 27–64.
- Evjen, Liv R. 2011. *æ sitt med klump i halsen når æ skriv det hær: Dialekt i skriftspråket i debattforum knytt til tre norske nettaviser*. Masteroppgåve, Universitetet i Tromsø.
- Folkvord, Martin S. 2020. Normer i et ikke-normert skriftspråk – en studie av talemålsnær skriving på Facebook Messenger blant trondheimere. Masteroppgåve, Universitetet i Bergen.
- Jahr, Ernst H. & Olav Skare (red.). 1996. *Nordnorske dialektar*. Oslo: Novus.

- Hansen, Eskil. 1996. Dialektene i Nordland. I Jahr & Skare (1996), 121–134.
- hooks, bell. 1989. *Talking back: Thinking Feminist, Thinking Black*. Cambridge, MA: South End.
- Hårstad, Stian 2010. Unge språkbrukere i gammel by. En sosiolingvistisk studie av ungdoms talemål i Trondheim. Ph.d.-avhandling ved NTNU. NTNU-trykk.
- Johannessen, Janne B., Joel Priestley, Kristin Hagen, Tor A. Åfarli & Øystein A. Vangsnes. 2009. The Nordic Dialect Corpus – an advanced research tool. I *Proceedings of the 17th Nordic Conference of Computational Linguistics NODALIDA 2009*, redigert av Kristiina Jokinen & Eckhard Bick. Odense: Northern European Association for Language Technology (NEALT), 73–80.
- Johnstone, Barbara & Scott F. Kiesling. 2008. Indexicality and experience: Exploring the meanings of /aw/-monophthongization in Pittsburgh. *Journal of Sociolinguistics* 12(1): 5–33.
- Løset, Tove K. Nilsen. 2011. Språklege endringar i Volda-målet. Ei språksosiolgisk gransking. Masteroppgåve, Høgskulen i Volda.
- Mæhlum, Brit. 2008. *Konfrontasjoner. Når språk møtes*. Oslo: Novus
- Mæhlum, Brit & Unn Røyneland. 2012. *Det norske dialektlandskapet*. Cappelen Damm Akademisk.
- Opinion. 2016. Bruker- og befolkningsundersøkelse 2016. Gjennomført for Språkrådet. Internt dokument, Språkrådet.
- Rotevatn, Audhild G. 2014. *Språk i spagaten: Facebook-språket. Om normert språk og dialekt blant vestlandselevar*. Masteroppgåve, Høgskulen i Volda.
- Rudi, Nina B. 2007. Språkvariasjonar i to dalføre : ei sosiolingvistisk gransking av talemålet blant 18–20-åringar i Hallingdal og Gudbrandsdalen. Hovudoppgåve, Universitetet i Oslo.
- Rødningen, Dagfinn. 1999. Ottadalen – ein utforbakka til bokmålet? Språkproblem og språkskifte blant ungdom i Lom, Sjøk og Vågå. I *Austlandsmål i endring*, redigert av Turid Kleiva, Ingeborg Donali, Tryge Nettet & Helen Øygarden, 246–258. Oslo: Samlaget.
- Røyneland, Unn. 2005. Dialektnivellering, ungdom og identitet. Dr. art. avhandling. Universitetet i Oslo. Acta humaniora.

- Røyneland, Unn. 2009. Dialects in Norway: catching up with the rest of Europe? *International Journal of the Sociology of Language* 196/197: 7–31.
- Røyneland, Unn. 2018. Virtually Norwegian: Negotiating language and identity on YouTube. I *Multilingual Youth Practices in Computer Mediated Communication*, redigert av Cecelia Cutler & Unn Røyneland, 145–168. Cambridge: Cambridge University Press.
- Røyneland, Unn & Brit Mæhlum. 2014. Det norske dialektlandskapet: sosiolingvistiske perspektiv på bruk av Nordisk dialektkorpus. I *Språk i Norge og nabolanda*, redigert av Janne B. Johannessen & Kristin Hagen, 197–216. Oslo: Novus.
- Sandøy, Helge. 2011. Language culture in Norway: A tradition of questioning standard language norms. I *Standard Languages and Language Standards in a Changing Europe*, redigert av Tore Kristiansen & Nicolas Coupland, 119–126. Oslo: Novus.
- Skjekkeland, Martin. 2005. *Dialektar i Noreg. Tradisjon og fornying*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Sebba, Mark. 2007. *Spelling and society: The culture and politics of orthography around the world*. Cambridge: Cambridge University Press.
- SNL 2020: <https://snl.no/Nord-Gudbrandsdal>
- Soffer, Oren. 2010. “Silent orality”: toward a conceptualization of the digital oral features in CMC and SMS texts. *Communication Theory* 20(4): 387–404.
- SSB 2020: <https://www.ssb.no/befolkning/statistikker/folkfram/aar>
- Stæhr, Andreas C. 2014. Social media and everyday language use among Copenhagen youth. PhD thesis, Copenhagen: University of Copenhagen. Faculty of Humanities.
- Sønnesyn, Janne. 2020. Skulen som språkplanleggar. Kva seier ungdomsskuleelevar om vilkåra for å læra nynorsk som hovudmål? I *Vilkår for nynorsk mellom barn og unge*, redigert av Gudrun Kløve Juuhl, Stig J. Helset & Endre Brunstad, 203–233. Oslo: Cappelen Damm Akademisk. DOI: <https://doi.org/10.23865/noasp.106>
- Thurlow, Crispin & Kristine Mroczek (red.). 2011. *Digital discourse: Language in the new media*. Oxford: Oxford University Press.

- Vangsnes, Øystein A. 2019. Dialekt i sosiale medium – det norske perspektivet. *Språk i Norden* 2019, 94–109.
- Vangsnes, Øystein A. & Janne B. Johannessen. 2019. The Nordic research infrastructure for syntactic variation: Possibilities, limitations and achievements. *Glossa: A Journal of General Linguistics*, 4(1), 26. DOI: <http://doi.org/10.5334/gjgl.708>
- Wiese, Heike. 2020. Language Situations: A method for capturing variation within speakers' repertoires. I *Methods in Dialectology XVI*, redigert av Yoshiyuki Asahi, 105–121. Frankfurt am Main: Peter Lang.
- Woolard, Kathryn A. 2016. *Singular and Plural: Ideologies of Linguistic Authority in 21st Century Catalonia*. New York: Oxford University Press.
- Øygarden, Helene. 1995. Dativ i Vågå-målet. Bruken hjå eldre og yngre i dag. Hovudoppgåve, Universitetet i Oslo.

SUMMARY

This study investigates the use of written dialect among adolescents from four different locations in Norway, each representing one of the main dialect areas of the country (north, central, west, and east). The data are drawn from the larger study *Multilectal Practices in Social Media* where a total of 1532 students from 42 different upper secondary schools in all regions of Norway have completed an online questionnaire about their language competence, use and attitudes and where they have also provided short text samples of how they would have written in four imagined situations: (i) a cinema invitation to a friend, (ii) a social media post about the family's new pet, (iii) a message to the teacher informing him/her about absence due to illness, and (iv) a bio in a discussion forum. In our data we see that the cinema invitations contain a high degree of local/regional dialect features as well as other deviations from standard orthographical conventions whereas the messages to the teacher by and large are written in one of the two Norwegian written standards. Choice of platform also seems to influence the choice of features: messages to the teacher by SMS or Snapchat typically contain more dialect and other deviations from standard orthography than messages sent through the official learning management system of the school. For each of the four locations we evaluate the dialect writing against known features of the local/regional dialect, and we see that not all dialect features make their way into the students' dialect writing, a fact which we take to reflect changes in progress. In conclusion, we see that the students are very flexible and adaptive in their choice of features and codes in different situations and for different purposes.

KONTAKT

Unn Røyneland

Universitetet i Oslo/Center for Multilingualism in Society across the Lifespan

unn.royneland@iln.uio.no

Øystein A. Vangsnes

UiT Noregs arktiske universitet & Høgskulen på Vestlandet

oystein.vangsnes@uit.no